





Viltet i Etne

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Etne kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2004

ISBN 82-8060-014-0
ISSN 0804-6387

Viltet i Etne

Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane

Etne kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2004

MVA-rapport 7/2003

Foto på framsida frå toppen (namn på fotograf i parantes):

Sandsvalekoloni ved Austrheim (Olav Overvoll), dvergdykker (Frode Falkenberg), lirype (Ingvar Grastveit), knoppsvanar (I. Grastveit), stor salamander (Stein Byrkjeland), rådyr (I. Grastveit), hjort (I. Grastveit).

Illustrasjonar er gjengitt med løyve (tala viser til side i rapporten):

Utlånt frå Direktoratet for naturforvaltning: 24, 25, 26, 28, 30

Viggo Ree: 23, 27, 31, 32, 33, 34, 35, 36

Rune Roalkvam: 29

Ansvarlege institusjonar og finansiering Etne kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga		Rapport nr: MVA-rapport 7/2003
Tittel: Viltet i Etne. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane		ISBN: 82-8060-014-0 ISSN: 0804-6387
Forfattarar: Ivar Auestad, Erik Kvalheim og Olav Overvoll		Tal sider: 57
Prosjektleiar: Ivar Auestad	Kommunalt prosjektansvarleg: Erik Kvalheim (miljøvernleiar)	Dato: 27.04.2004
<p>Samandrag: Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, har Etne kommune gjennomført revidering av eksisterande viltkart for heradet. Målet med kartlegginga har vore å gje heradet ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga. Det er òg eit ønskje at kartlegginga skal føre til ei auka interesse for vilt og viltforvalting. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar det nye kartverket alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Når det gjeld småviltet er det lagt særleg vekt på trua og sårbare artar (raudlisteartar) og fátalige artar med spesielle habitatkrav. Kartverket er delt i fire tema: 1) hjortevilt, 2) småvilt, 3) opplysningar unntake offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Av desse vil oversikta over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste kartet i overordna plansamanhang. Dette kartet og hjorteviltkartet er vedlagt rapporten. Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneholder generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga i Etne har blitt gjennomført, ein omtale av dei ulike viltområda og ei fullstendig oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen. 4 område i Etne er avmerka som svært viktige viltområde og 21 som viktige. I tillegg er det kartfesta fleire trekkvegar for hjortevilt. Det er registrert 216 viltartar i kommunen: 3 amfibium, 3 krypdyr, 179 fugleartar og 31 pattedyrrartar (inkl. steinkobbe). Ein har hatt avgrensa ressursar til feltundersøkjingar og resultatet er av den grunn på ingen måtar fullstendig, av same grunn er avgrensinga av enkelte viltområde mindre presis enn ønskjeleg. Situasjonen for viltet kan endre seg over tid, både naturleg og som ein følge av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er difor naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Ein oppfordrar leسارar som sit inne med opplysningar eller finn feil og manglar ved kartverket, til å melde frå om dette til kommunen. Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.</p>		
<p>Referanse: Auestad, I., Kvalheim, E. & Overvoll, O. 2004. Viltet i Etne. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Etne kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 7/2003: 1-57.</p>		
<p>Emneord: Etne kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, vilt, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr</p>		
Etne kommune Postboks 54 5590 Etne Tlf: 53 75 80 00, Fax: 53 75 80 01 www.etne.kommune.no		Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland

FØREORD

Dette er andre gongen ein lagar kart med oversyn over viltet i Etne. Det første viltkartet vart laga av skogbruksjef Sigmund Haga (1990) og var i hovudsak eit oversyn over jaktbart vilt. Før den tid hadde Sverre Tesdal laga eit oversyn over viltet i Etne i det fyrste bandet i Etne-Soga (1968). Den registreringa var ein rapport utan kartfesting av dei ymse artane, men med mange skriftlege forklaringar på kvar ein kunne vente å finne dei ymse artane i "gamle" Etne kommune (før Skånevik og Åkrafjorden vart med).

Arbeidet med viltkartlegginga har denne gongen vore organisert med ei styringsgruppe, der Etne Skogigarlag, Etne Bonde- og Småbrukarlag, Etne Bondelag, Viltnemda, Landbrukskontoret, miljøvernleiar og Fylkesmannen i Hordaland har vore representert.

Styringsgruppa har vore samla i eit oppstartsmøte, eit par møter undervegs og eit møte til slutt for å godkjenna resultatet.

Hovudkontaktperson i kommunen har vore miljøvernleiar Erik Kvalheim. Underteikna har vore prosjektleiar for kartlegginga og utført det meste av det praktiske arbeidet.

Registreringane baserer seg i stor grad på intervju med personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar. Det må rettast stor takk til desse for å ha delteke med sin kunnskap om viltet i sine nærområder! Utan desse lokale ressurspersonane hadde det vore vanskeleg og langt meir ressurskrevjande å fått til eit såpass detaljert viltkart og ei så omfattande artsoversikt som det har vorte. I tillegg til intervju av ressurspersonar har det også vore nytta ymse rapportar og skriftlege kjelder om naturen i Etne.

Viktige samarbeidspartnarar har vore miljøvernleiar Erik Kvalheim, som har delteke i ymse drøftingar under heile arbeidet. Olav Overvoll hjå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, har delteke i rapportskrivinga, særleg kapitla "Naturgrunnlaget", "Brukarinteresser i naturen og konfliktar i forhold til viltet", "Trua og sårbare artar i Etne" og innleiinga, men også delvis dei meir generelle delane av dei øvrige avsnitta. Han har også stått for digitalisering av karta og layout av kart og rapport.

Så er det å vona at viltkartet og tilhøyrande viltrapport vert nyttig i planarbeidet i Etne kommune. Og at det også kan vera interessant for skulen og for lag og enkeltpersonar.

Etne, juni 2003

Ivar Auestad

INNHOLD

FØREORD	5
INNHOLD	7
INNLEIING	9
BAKGRUNN	9
LOVGRUNNLAG	9
INTERNASJONALE KONVENTSJONAR	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR	10
FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART	11
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING	11
KVA SKAL KARTLEGGAST?	11
UTFORMING AV VILTKARTVERKET	11
KORLEIS BRUKE VILTKARTA?	12
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA	13
METODIKK FOR ARBEIDET I ETNE	14
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET	14
INNSAMLING AV INFORMASJON	14
VURDERING AV GRUNNLAGSMATERIALET	14
KARTFRAMSTILLING.....	15
NATURGRUNNLAGET	16
GEOGRAFI OG AREALBRUK	16
LANDSKAP OG GEOLOGI	16
KLIMA	16
VEGETASJON	16
SKILDNING AV VILTOMRÅDA I ETNE	17
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE	17
VIKTIGE VILTOMRÅDE	17
VIKTIGE KRYSSSPUNKT FOR HJORT	19
TRUA OG SÅRBARE ARTAR I ETNE	20
GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR	20
RAUDLISTER	20
STATUS FOR VILTET I ETNE	23
AMFIBIUM	23
KRYPDYR	23
FUGLAR	23
PATTEDYR	34
KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?	38
BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	39
SKOGBRUK	39
JORDBRUK	39
FRILUFTSLIV OG FERDSEL	40
JAKT	40
FAUNAKRIMINALITET	40
BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI	40
VEGAR	40
VASSDRAGSREGULERING	41
KRAFTLEIDNINGAR	41
AVFALL	41
OPPDRETTSANLEGG	41
INFORMANTAR	42
LITTERATUR	43
VEDLEGG 1. ARTSLISTE	45
VEDLEGG 2. KART	51

INNLEIING

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsett for inngrep av ulike slag. Utbygging av bustadområde, industri og infrastruktur utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å også integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønske om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men også på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Det er også eit ønske at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltraport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einsidig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle vittlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jamfør viltlova sin § 2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkvegar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spellassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslier med gammal skog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbare artar står sjølvsgått og sentralt. På denne måten ønsker ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltinga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltaast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteressene skal innpassast i den oversiktlege planlegginga i kommune og fylke*. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid

kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset også at *vedkommande myndighet på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorgana*.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår også at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvalting og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner også at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor også ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er også sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENTSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutting til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særlig med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og planter og leveområda deira.

- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosesser der partane sjølv må identifisere biologisk mangfold som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfold. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfold. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønsker å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfold.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvalting. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønsker å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk ogrikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overle-

ve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske- og materielle argument: Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyrearter er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan mange artar truleg bli viktige for oss i framtida.

Eit *genetisk mangfold* er òg av betydning for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det nesten alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskte. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjnar kan i denne samanheng vere viktig som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforsking på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

Kulturelle- og estetiske argument: Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje også ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftsinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange (fotografering, ornitologi, botanikk, bærplukking, mosjon osv.), er eit mangfold av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske- og moralske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjoner, først og fremst næring, hekke-/nglepllass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekke ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønsehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

Storleiken på eit leveområde er avhengig av mange forhold, ein av dei viktigaste er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkvegar for hjort og evt. elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar ofte fører til næringsmangel.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).
- Viktige område for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Viktige område for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige område for spettar ("spettelier"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Spellassar for storfugl (og orrfugl dersom dei har høgt tal på fuglar og er velavgrensa).
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Viktige område for raudlisteartar

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spellassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltungsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blandt dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønsehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og lett å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltungsmessig interesse.

UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverktøy og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningsane på eit kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneholder for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkvegar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store ynglepllassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unntake offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfugleartar og spellassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos fylkes-

mannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrringar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå og blir kontakta tidleg i planprosesen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Det er viktig å presisere at ein også i områda utanfor dei prioriterte viltområda, jamf. Viltlova, pliktar å ta normale omsyn til viltet!

Mange område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar for viltet.

KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysingane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvalting. Viltkarta skal brukast som grunnlag når det skal takast avgjerder i planar om naturinngrep og ved arealplanlegginga i kommunen. Arealdelen i kommuneplanen styrrer den langsiktige arealdisponeringa. Viltkarta skal vera ein viktig premissleverandør når arealdelen skal utformast og gir viktige opplysningars om kvar inngrep og omdisponeringar vil kunne føra til negative konsekvensar for viltet. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg

best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkjingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Fleirbruksomsyn har etter kvart vorte eit viktig omgrep i skogbruksnæringa. Både skogeigarane og landbruksstypesmaktene vil kunna nytta viltkart som ein viktig reiskap for å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemد, men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rádføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkjingar.

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTEL

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. M.a. vil informasjon om lokale viltførekomstar kunne gi fylkesmannen grunnlag for meir presise innspel i samband med kommunal planlegging og tiltak. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Ved å nytta viltkart og viltraport i undervisninga kan skulane finna mykje kunnsskap om naturen og dyrelivet i eigen kommune. Karta vil også kunna brukast som grunnlag for å peika ut område som særleg eignar seg for ekskursjonar og miljøundervisning.

Relevante lag, organisasjoner eller enkelpersongar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport,

kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet.

OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamnleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det

blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopp-lysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Presisjonen i viltkartlegginga må sjåast i sammenheng med metodikken for innsamling av data og dei ressursane ein har hatt til rådvelde. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil kunne betrast over tid.

Både kommunen og fylkesmannen si miljøvern-avdeling tek gjerne imot ny informasjon og forslag til endringar.

METODIKK FOR ARBEIDET I ETNE

STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Rammene for kartlegginga har blitt diskutert og fastsett av ei styringsgruppe med representantar frå viltnemnda, interesselag, kommune og Fylkesmann. Avgrensing og vekting (verdivurdering) av område har blitt utført av viltkartleggar i samarbeid med Erik Kvalheim ved Etne kommune og Olav Overvoll ved Fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

Styringsgruppe

Leif Bjarte Halleland
Etne Skogeigarlag
Leif Åsheim
Etne Bondelag
Geir Arne Eikemo
Etne Bonde- og Småbrukarlag
Udmund Kjell Stengårdsbakken
Viltnemda
Annbjørg Bue
Etne kommune, Skog- og utmarkskonsulent
Erik Kvalheim
Etne kommune, fagansvarleg kultur og miljøvern
Ingrid Danielsen
Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (til 1999)
Olav Overvoll
Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (frå 1999)

INNSAMLING AV INFORMASJON

Opplysningsane om viltet som er nedteikna på karta er i stor mon komne fram ved intervju av einskildpersonar rundt i kommunen.

Styringsgruppa gjorde framlegg om ca. 40 personar som kunne fungera som informantar. Dette synte seg snart å vera alt for mange, og ville teke for lang tid i høve til dei ressursar ein rådde over. Gruppa av informantar er derfor redusert til om lag 15 personar. Ein har freista å få eit best mogleg representativt utval for heile kommunen. Intervjuja er gjort med hjelp av artslistar, der alle vanlege norske arter er opplista. Ein har gått gjennom listene og notert ned alle arter som informanten har registrert.

Av andre kjelder er det særleg nytt:

- Rapportar frå "Samla plan for vassdrag"
- Rapport: KU-prosjekt for Etnevassdraget
- Diverse registreringar frå Norsk Ornitologisk Forening, m.a. observasjonslister i fylkestids-skriftet "Krompen"
- Opplysningar frå Zoologisk museum, Bergen
- Eldre viltkart for Etne kommune
- Opplysningar frå Naturbasen ved Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernnavdeling

Registreringane i Sørbygda har delvis bakgrunn i eigne feltundersøkingar. Elles er det også gjort

nokre få feltundersøkingar andre stader i kommunen for å kontrollera enkelte usikre opplysningsar.

VURDERING AV GRUNNLAGSMATERIALET

Svært mykje av kartinnhaldet og artsomtalen tek som nemnt utgangspunkt i intervju med lokale personar rundt i kommunen. Dette er i hovudsak personar som har budd på staden i mange år, og som såleis har solide registreringar for dei artene og det området dei kjenner.

Dei artene som er best kjent synte seg å vera dei som kjem inn under jaktbart storvilt og småvilt. Relativt godt kjent er også andre større dyr og fuglar, (som t.d. måkar, trastar, rovfuglar o.l.) Dei artane som er minst kjent, og som det difor er meir usikre registreringar av, er småpattedyr og småfuglar. Mellom informantane er det likevel nokre særskilt fugleinteresserte, som har kunnskapar langt utanfor sitt eige nærområde og i stor mon rettar opp i manglar i registreringar av småfugl.

Område som ligg nær busetnad og såleis er nærområda til informantane, er mest nøyaktig registrert. Generelt er registreringane meir unøyaktige og mangelfulle til lengre bort frå busetnad ein kjem. Leveområda for jaktbart vilt som t.d. ryper og hjortevilt er likevel relativt godt kjent også i utmarks- og fjellområda.

I konsekvensutgreiinga for Etnevassdraget er det gjort relativt grundige undersøkingar av fugl i nedslagsfeltet til vassdraget. Det er derfor monaleg betre registreringar av fugl i skog- og fjellområda som kjem inn under KU-prosjektet enn i dei andre områda i kommunen.

Kartlegginga av einskilde område i kommunen tek altså utgangspunkt i eit tynnare datagrunnlag enn andre deler av kommunen. Dette gjer at ein må nytta karta med "sunt bondevet". Dersom det er planar om inngrep i dei "lyse" delane av kommunen, bør ein avgjort gjera tilleggsregisteringar før ein kan vurdera konsekvensar.

I eit seinare kapittel, "Kva bør kartleggast betre", blir det føreslått nokre konkrete felt der det er behov for meir kunnskap. Dersom ein i større grad hadde hatt høve til å gjennomføre feltundersøkingar, ville nok nokre områdeavgrensingar sett noko annleis ut. Dette gjeld også truleg prioriteten til nokre av områda. I framtida er det difor ønskeleg at ein del av områda i større grad blir vurderte på grunnlag av feltundersøkingar.

KARTFRAMSTILLING

Vurdering av grenser og verdisetting av viltområda er gjort i samarbeid mellom viltkartleggar og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling.

Manuskarta er digitaliserte ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling etter manuskart i målestokk 1:50.000 utarbeidd av viltkartleggar. Nokre område er sidan justerte og digitaliserte på nytt ved Fylkesmannen si miljøvernnavdeling. I nokre

tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrenser.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlayanalyse. Denne metoden er ikkje brukt i Etne. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av innsamla opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Etne kommune er ein fjordkommune lengst sør i Hordaland. Kommunen grensar til Sauda, Vindafjord og Ølen kommunar i Rogaland i sør og vest, Kvinnherad i nord og Odda i aust. Kommunen sitt areal er 708 km². Av dette er over halvparten fjell og utmark. Skogen utgjer omlag ein fjerdedel av arealet. Sjølv om berre 3,5 prosent av arealet er dyrka mark, er Etne ein typisk jordbrukskommune. Mykje av landbruksaktiviteten er knytt til dei flate områda rundt kommunesenteret Etnesjøen, inst i Etnefjorden. Under finn du arealfordelinga i Etne i tabellform (sjå også Kart 1).

Arealtype	Km ²	Prosent
Fjell og utmark	397	56,1
Skog	180	25,4
Folgefonna	40	5,6
Myr	30	4,2
Innsjøar	29	4,1
Dyrka mark	25	3,5
Utbygd areal	7	1,0
Totalt	708	100,0

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i Etne er prega av store kontrastar: Eit relativt flatt jordbruksområde ved Etnesjøen, frodige smådalar og lune viker langs Skånevikstranda og stupbratte fjellsider og høge fjell innover Åkrafjorden. Åkrafjorden, er eit framtredande landskapstrekk og deler nesten kommunen i to. Kommunen sitt høgaste punkt ligg på Folgefonna (1638 moh), medan høgste fjell sør for Åkrafjorden er Helgedalsnuten (1443 moh).

Berggrunnen i Etne viser òg stor variasjon. I dei nordlege områda dominerer grunnfjellet, med harde bergartar som granitt, gneis og gabbro. I dei sørlege områda, kring Etnefjorden og fjellområde sør og vest for Etnesjøen finn vi omdanna sedimentære bergartar som glimmerskifer og fyllitt. Desse bergartane er meir lettforvitrande og næringsrike enn grunnfjellsbergartane, noko som òg blir gjenspeglia i vegetasjonen. Ein finn òg lokale innslag av kalkstein som enkelte stader gir ein særmerkt flora.

Den marine grensa inst i Etnefjorden går ved 75-80 moh, og i områda rundt Etnebygda finn ein mektige lausmassar frå isavsmeltinga. Lausmassane er her relativt finkorna (sand og grus) og har gitt grunnlag for eit betydelig uttak. Sand- og grustaka har gjort sitt til at Etne gjennom mange år har hatt dei største sandsvaleførekostane i Hordaland.

KLIMA

Etne kommune ligg i ei sone med klart kystpåverka klima (klart oseanisk- og sterkt oseanisk seksjon), typisk for ytre og midtre fjordstrøk på Vestlandet (Moen 1998). Ved kysten er klimaet prega av milde vinrar og kjølige somrar, medan det i typiske innlandsklima er varme somrar og kalde vinrar. Etne ligg altså ein stad imellom desse ytterpunktta. Grunna topografi og utstrekning er det store skilnader innan kommunen. Graden av kystpåverknad fell, naturleg nok, frå vest mot aust, men topografin kompliserer dette biletet ein del.

Området Etne ligg i er generelt prega av mange dagar med nedbør, vanlegvis meir enn 180 dagar i året (Moen 1998). Årsnedbøren er høg, vanlegvis meir enn 1000 mm, og 1500-2000 mm er ikkje uvanleg. Mest nedbør fell det i fjellområda i indre fjordstrok der det kan falle oppimot 4000 mm nedbør i året. Gjennomsnittleg månadstemperatur for januar ligg typisk på 0-4°C, tilsvarande for juli er 12-16°C. Årsmiddeltemperaturen er typisk 6-8°C.

Dei indre dalføra og høgareliggende delane av kommunen kan ha eit nokså langvarig snødekkje, men kystnærleiken gjer at snødekket i låglandet som regel er tynnt og meir kortvarig. Men også her er det store lokale variasjonar.

VEGETASJON

Både berggrunn, topografi og klima påverkar plantedekket og variasjon er eit stikkord også når deg gjeld vegetasjonen i Etne. Fleire såkalla vegetasjonsgeografiske regionar er representerte innan kommunen. Spesielt interesserte kan finne meir om dette i Moen (1998).

Meir enn 50 prosent av Etne ligg ovanfor tregrensa (Kart 1). I dei skogdekte områda er lauvskogen dominande, men ein finn òg ein del furuskogsområde. Av skogdannande lauvtrær er bjørk og gråor dei vanlegaste. Blåbærbjørkeskog med innslag av einer i busksjiktet er ein vanleg skogtype. I fleire lier, m.a. i Stordalen, finn vi reine gråorskogar. Varmekjære planteslag, som bergflette, kristtorn, svartor og eik finn ein særleg i området langs Skånevikstranda og på Vannes. Edellauvskog med ask, alm, hassel og eik finst spreidd fleire stader, men mest som spreidde bestandar i kulturlandskapet. Større edellauvskogar finn ein på Norheimstranda, i Stordalen og langs Åkrafjorden (Kvalheim 2001).

SKILDRING AV VILTOMRÅDA I ETNE

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 25 prioriterte viltområde i Etne; 4 svært viktige- og 21 viktige. I det følgjande blir kvart enkelt område gitt ein kort omtale. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenumra på viltkartet (Kart 3).

Det er viktig å vere merksam på at også område som fell utanfor dei prioriterte viltområda kan vere viktige for viltet. Å teikne inn skarpe grenser mellom viktige og mindre viktige område for viltet vil nesten alltid vere kunstig.

Avgrensing av områda er utført med fagleg skjøn, og stort sett på grunnlag av opplysningar innhenta ved intervju av lokale ressurspersonar.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

1. *Trommedalen/Sørstranda*

Størstedelen av området er dominert av eldre furuskog. Einaste kjende hekkeplass for hønsehauk i Etne ligg i dette området. Viktig leveområde for storfugl. Kvityggspett er registrert hekkande i Sandalia. Viktige beiteområde for hjort og rådyr ligg også i området. Andre registrerte arter er t.d. firfisle, raudrev (hi) og furukornsnæbb.

2. *Tongane/Etneosen*

Langgrunt område ved utløpet av Etneelva. Viktig beiteområde og raste- og overvintringsplass for vassfugl. Først og fremst fiskemåke, gråmåke og stokkand, men ei rekke andre artar er observert her.

3. *Skåno*

For tida den viktigaste hekkeholmen for sjøfugl i Etne. Ytste halvdel av holmen er freda som naturreservat. I 2001 talde bestanden ca. 80 par gråmåke, 30 par sildemåke, 10 par svartbak, 5 par fiskemåke og 4-5 par tjeld (Voie 2001). Sildemåke er observert på holmen fleire år, men hekking er ikkje konstatert tidligare.

4. *Dalatjørna på Håland*

I dag er dette den einaste sikre førekomsten av stor salamander i Etne.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

5. *Holmaseidholmen*

Delvis skogkledd holme og eit lite skjer nærmare land. Viktig og stabil hekkeplass for fiskemåke (holmen) og makrellterne (skjeret). Tal frå 1998: Fiskemåke 50 par, makrellterne 20 par (Byrkjeland 1999). Tal frå 2001: Fiskemåke 40 par, makrellterne 50 par (Voie 2001).

6. *Ytre del av Skånevikhalvøya*

Truleg det viktigaste vinterbeiteområdet for hjort i Etne. Dyr frå andre delar av kommunen trekkjer hit om vinteren. Gjennom Aksdals-skardet går ein svært viktig, velavgrensa trekkelogg.

Furuskogsområdet i Sandviksmarka, sør og aust for Sandvika er eit viktig område for m.a. storfugl og rådyr, og er sannsynleg hekkeområde for kvityggspett. Dette området og sør-overs til Hellelandsåsen er òg eit sannsynleg hekkeområde for hønsehauk, sjølv om arten, så langt, ikkje er registrert her. Ved nærmare undersøkjingar vil området Sandviksmarka-Hellelandsåsen kunne få status som svært viktig. Rett nord for veggen ved Lauvvik ligg ein dam som til tider har uvanleg store mengder frosk. Dammen må reknast som ein viktig ynglelokaleitet for arten og bør skånest for inngrep.

7. *Brattholmen ved Taraldsøy*

Hekkeområde for sjøfugl freda som naturreservat. Utgangspunktet for vernet var ein stor fiskemåkekolonji på ca. 100 par og 32 par makrellterne. Dei seinare åra har holmen berre i liten grad blitt brukt som hekkeområde (Byrkjeland 1999), men det er ikkje usannsynleg at holmen igjen kan bli attraktiv som hekkeplass. Utanfor hekketida har holmen i periodar funksjon som kvileplass for gråhegre.

8. *Leknesholmane*

To holmar og eit skjer i Leknesvika. Holmane har vore hekkeplass for nokre få par fiskemåke og tjeld, medan det på skjeret har hekka 10-15 par makrellterne (Voie 1998).

9. *Osvågen*

Grunn våg i Etnefjorden. Viktig raste- og overvintringsområde for våtmarksfuglar. Gråhegre hekkar både på begge holmane ved Kråkenes (kolonien på Melandsholmen er størst og talde i 2001 minst 20 reir). Osvågen er førebels den einaste hekkeplassen for knoppsvane i Hordaland.

10. *Røynesnes-Sæbøvika*

Langgrunt område i Etnefjorden. Viktig beiteområde for ender, vadalar og måker. Sjeldan naturtype i Etne.

11. *Etneelva med kantskog*

Frodig lauvskogsvegetasjon med m.a. oreskog og ask. Viktig område for spurvefuglar og viktig spreiingskorridor for både fuglar og pattedyr. Sjølv Etneelva er ein god overvintringsplass for fossekall. Ved Håfoss er det konstatert

hekking av vintererle, som er ein sjeldan art i Hordaland.

På austsida av elva, ved planteskulen, går det inn ein kort sidearm som dannar eit sumpområde med eit breitt sivbelte omgitt av oreskog (Eldegard 1997). Den tette kantvegetasjonen og relativt stilleståande vatn gir truleg ein høg insektproduksjon, noko gjer området til eit attraktivt yngle- og næringssøksområde for sporvefuglar. Av meir sjeldne artar som er observert her kan nemnast isfugl, sothøne og sivhøne.

12. Steine-Mo-Sørelva

Lauvskog - blandingskog. Bekkedrag og moneneskråningar, delvis beitepåverka. Blant dei største attverande galleriskogar av litt storlek nede i sjølv Etnebygda. Viktige spreingskorridorar for dyr og fuglar. Rik fuglebiotop, mest sporvefuglar (m.a. spettmeis, trekrypar, raudstrupe, lauvsongar, lauvmeis, svarttrast og gråtrast). Bra med rådyr, tidvis hjort (mest om vinteren), noko rev og hare (Kjelder: THÅ, Eldegaard 1997).

13. Høylandshovda/Rus

Høgareiggjande område med eldre furu- og blandingskog. Området er først og fremst rekna som eit viktig leveområde for storfugl, men er òg eit godt beiteområde for hjort. Grunna skogen sin alder, bør området vere aktuelt for spetter, og området bør undersøkjast nærmare. I våtmarksområdet rundt Høylandstoska er krikkand og enkeltbekkasin registrert.

14. Kaldheimslia

Bratt, nordvendt li dominert av bjørkeskog med innslag av gråor og ask i rasmarksområda. Årviss registrering av kvitryggspett (IAU), og området har potensial som hekkeområde for arten. Bør undersøkast nærmare. Vendehals vart registrert hekkande i ei fuglekasse på 1980-talet og er seinare registrert regelmessig i hekketida. Viktig vinterbeite for hjort.

15. Litledalsvatnet, nedre os

Grunt ferskvassområde. Viktig næringssøksområde for andefugl. Området er raste- og overvintringsområde for fleire andefuglartar, særleg sangsvane, stokkand og toppand. Strendene blir nytta som opphaltsområde for måker og vipe i perioden under- og etter hekketida. Store mengder fjør på vatnet og i strandkanten sommaren 2001 tyder på at området òg har funksjon som myteområde.

16. Litledalsvatnet øvre

Del av vatnet som ofte er ope om vinteren. Viktig raste- og overvintrings for andefugl (m.a. sangsvane, laksand og kvinand).

17. Stordalsvatnet mellom Øvstebøhammaren og Lurasund (nedre os)

Dette området er som regel isfritt om vinteren og er difor viktig som raste- og overvintringsområde for vassfugl som sangsvane, kvinand og fossekall. Området har i ei årekke vore fast overvintringsplass for dvergdykkar.

18. Norheimsstranda

Stor, sørsvendt edellauvskog der alm og ask dominerer. Som typisk for denne naturtypen er tettleiken av sporvefuglar (m.a. munk, svartkvit flugesnappar og meiser) høg. Området har potensial som hekkeområde for spetter, og kvitryggspett er observert i området.

19. Hålandsheia

Furu- og blandingskogsområdet ned mot Skardsvika er eit viktig vinterbeiteområde for hjort, og viktige trekkvegar går gjennom området. Rådyr har viktige leveområde på Håland frå Litlahovda ned mot Øvernes og Tjelmeland. Furuskogsområda er leveområde for storfugl, men det er usikkert kor viktig området er for denne arten. Det er i området ovanfor Håland det er flest registreringar av gaupe i Etne, noko som kan ha samanheng med førekomensten av rådyr.

20. Holmane ved Sus

Hekkehølmar for tener og måsar (sannsynleg fiskemåke). Holmen er ikkje nærmare undersøkt, men er teken med som viktig fordi slike hekkehølmar er sjeldne i fjordstroka.

21. Tedneholmen

Hekkehølme for fiskemåke like utanfor campingplassen på Kyrping. Ca. 25 par vart talde på holmen i 2002, men få ungar vart sett (OOV). Namnet på holmen tydar òg på at det har hekka tener her.

22. Havnaholmen ved Markus

Ein relativt stor fiskemåkekolonji (60-80 par) har hatt tilhald på denne holmen gjennom fleire år (Voie 1998). Truleg 40-50 par i 2002. Tal frå 1993 viser at også makrellterne har hekka her (Byrkjeland 1999). Så store koloniar av fiskemåke er sjeldne såpass langt inne i fjordane.

23. Kalvik-Djuve

Nokså stort, samanhengande, kupert område på nordsida av Åkrafjorden, med furu-, blandingskog og lauvskog. Området er teke med fordi det på grunnlag av skogutforming og inngrøpsstatus er vurdert som eit potensielt viktig viltområde, særleg når det gjeld spetter. Furuskogsområdet ovanfor Djuve er truleg leveområde for storfugl. Samanlikna med t.d. furuskogsområdet ved Eikemo (omr. 24) har

dette området gjennomgåande høgare bonitet (betre vekstvilkår for skog), og dermed også større potensial som viltområde. Det føreligg ingen konkrete opplysningar frå området, og ei nærmere undersøking bør ha høg prioritet.

24. Eikemo

Relativt stort, samanhengande område med furu- og blandingsskog. Området har stadvis godt innslag av osp og er interessant m.o.t. spetter (både gråspett og kvitryggspett er observert). Det er registrert storfugl i området, men bestanden er truleg liten. Ei nærmere undersøking og vurdering av dette området er ønskjeleg.

25. Borddalen

Furusogsområde som er lite påverka av menneskelege inngrep. Det førekjem mange svært store og gamle furuer i området (Eldegard 1997). Truleg viktig område for typiske artar knytt til dette habitatet, som storfugl og kvitryggspett, men området bør undersøkast betre. Øvste del av området eit viktig beiteområde for elg.

Etnefjella

Fjellområde med stor utstrekning i søraustlege del av kommunen, på grensa mot Vindafjord og Sauda. Området er nokså variert og inneheld både område med subalpin bjørkeskog, myrar, talrike vatn og fattige høgfjellsområde. Området har mange kvalitetar og det er ikkje heilt enkelt å peike på delområde som skil seg tydelig ut i viltsamanheng. Tre område kan likevel nemnast:

26. Etnefjella sør

Sørlege delar av dette området peikar seg ut som eit viktig hekkeområde for lom. Storlom er registrert hekkande på 1980- og -90-talet og smålom har truleg hatt tilhald i området i lang tid. Dei første sikre registreringane av smålom er frå 1960- og -70-talet, og revirhevdande individ er òg registrert dei siste to-tre åra. Elles er det observert rastande grågås m.a. på Krokavatnet i trekktida om hausten, men dette er nok ikkje eit årvisst fenomen. Fjellbjørkeskogen rundt vatnet er viktig beite- og hekkeområde for lirype. Blåstrupe er også registrert.

I området Flåtevatnet-Mjåvatnet finn ein både våtmark, fjellbjørkeskog og snaufjell. Våtmarksområda er knytt til vatna. Rundt Flåtevatnet fann Byrkjeland m.fl. (1984) ein god sivsporvbestand, og også blåstrupe vart registrert her. Både Flåtevatnet og Mjåvatnet blir brukt som næringssøksområde for storlom. Liene rundt Flåtevatnet blir sett på som godt lirypeterreng og det same blir områda opp mot Mørkavatnet og Gardlagvatna når det gjeld fjellrype.

Heile den nordlege delen av det avgrensa området, frå områda rundt Løkjelsvatnet til Frettshovda blir rekna som eit viktig beiteområde for reinen i Etnefjella.

Reinen i Etnefjella er utsett tamrein, men blir likevel forvalta som villrein. Sjølv om dyra i periodar kan vere knytte til relativt avgrensa område, brukar dei store delar av fjellområda over tid. Meir om reinen si historie og områdebruk i Etnefjella er nemnt under artsomtalen s. 35.

27. Vaulavatn-Bломstølsområdet

Større, variert fjellområde med ulike kvalitetar. Blåstrupe og sivsporv er registrert både ved Vaulavatnet og Blomstølsvatnet (Byrkjeland m.fl. 1984). Storlom blir observert relativt jamlegg i området og "austlege" fugleartar som boltit og fjøreplytt har blitt funne i relativt gode bestandar (Byrkjeland m.fl. 1984).

Området er òg kjent for å ha ein god bestand av fjellrype. Reinen brukar området både som beiteområde og kalvingsområde.

28. Områda ovanfor Borddalen

Har vore eit viktig beiteområde for delar av reinstamma i Etnefjella dei seinare åra.

VIKTIGE KRYSSINGSPUNKT FOR HJORT

Hjorten kryssar veg mange stader i Etne, men fire område blir rekna som spesielt utsette kryssingsområde (Kart 2):

- A. Fikse skytebane/Sørstranda
- B. Hålandsheia nord
- C. Hålandsheia sør
- D. Over og ved Lauareidtunnelen

TRUA OG SÅRBARE ARTAR I ETNE

GENERELT OM TRUA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyrearter er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følge av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre av dei viktigaste trugsmåla:

Handel med ville dyr er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fatale artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekke knytt til rovfuglar og då særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyrearter har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjer eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir koncentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette. Bruk av DDT i landbruket ført til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfotynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande arter. På mange av Stillehavssøyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følge av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinnelig ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nærfastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følge av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande arter og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfold.

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den

offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan også innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. vandrefalk og havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan også endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er også utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterkt tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsatt situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhører føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit øye med bestandsituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneholder også ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Etne. For ein del sjeldne og sporadisk førekommande artar er lokale trugs-mål ikkje nemnt.

Status i Noreg	Artar	Førekomst i Etne	Moglege trugs-mål lokalt
Direkte trua (E)	Stor salamander	Sikker forekomst på ein lokalitet, tidlegare truleg på fleire	<ul style="list-style-type: none"> • Attylling av dammar • Utsetjing av fisk • Intensivering av jordbruk med tidleg slått
	Åkerrikse	Truleg fáatalig hekkefugl fram til 1960-talet, no sporadiske observasjonar	
	Fjellrev	Truleg fast yngling tidlegare, no kun sporadiske observasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Liten bestand (innavl, pardanning) • Sviktande næringsgrunnlag? • Konkurranse frå raudrev?
Sårbar (V)	Hønsehauk	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Skogbruk • Kraftlinjer • Faunakriminalitet • Forstyrring ved hekkeplass • Faunakriminalitet
	Jaktfalk	Truleg svært fáatalig hekkefugl	-
	Vandrefalk	Observerert	-
	Lomvi	Fáatalig i fjorden vinterstid	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Hubro	Fáatalig. Dagens hekkestatus usikker	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftlinjer
	Snøugle	Sporadisk tidlegare	-
	Vendehals	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Bortfall av beitemark?
Sjeldan (R)	Kvitryggspett	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Lokalt ved intensivt skogbruk
	Fjellerke	Mogleg fáatalig hekkefugl	-
	Songsvane	Árviss vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> • Bortfall av grunne våtmarksområde
	Kongeørn	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrring ved hekkeplass • Faunakriminalitet
	Fiskeørn	Observerert på streif/trekk	-
	Vannrikse	Observerert på trekk/vinter	-
	Jerv	Tilfelige streifdyr, sjeldan	-
Omsynskrevjande (DC)	Smålom	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Vassdragsregulering • Drukning i fiskegarn • Forstyrring på hekkeplass
	Storlom	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Vassdragsregulering • Drukning i fiskegarn • Forstyrring på hekkeplass • Forstyrring ved hekkeplass • Faunakriminalitet
	Havørn	Observerast jamnleg	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrring på hekkeplass • Forstyrring ved hekkeplass • Faunakriminalitet
	Dobbeltbekkasin	Observerert på trekk	-
	Gråspett	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Lokalt ved intensivt skogbruk
	Dvergspett	Fáatalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Lokalt ved intensivt skogbruk
Bør overvakast (DM)	Bergand	Sjeldan vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Havelle	Fáatalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Svartand	Fáatalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Sjørre	Hekking konstatert ved eit tilfelle, ellers fáatalig vintergjest	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Trane	Observeret i trektida	-
	Teist	Observeret i fjorden vinterstid	-
	Piggsvin	Relativt fáatalig ynglande	<ul style="list-style-type: none"> • Påkjørslar • Intensivering av jordbruk?
	Dvergflaggermus	Truleg vanleg art	-
	Langøyreflaggermus	Truleg fáatalig, påvist ynglande	-
	Oter	Mogleg ynglande	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Påkjørslar (bil og raske fritidsbåtar)
	Gaupe	Streifdyr	-
	Nise	Observerast regelmessig	-

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Etne.

Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekomst i Etne
Hekkebestand	Havørn	45	Observerast jamnleg
	Jaktfalk	38	Truleg svært fåtalig hekkefugl
	Fjellrype	42	Vanlig hekkefugl i høgfjellet
	Myrsnipe	55	Registrert under trekket
	Lappspove	45	Registrert under trekket
	Rødstilk	35	Relativt fåtalig hekkefugl
	Svartbak	31	Fåtalig hekkefugl
	Skjærpiplerke	88	Fåtalig hekkefugl
	Bergirisk	59	Fåtalig hekkefugl
Vinterbestand	Storskarv	30	Regelmessig men fåtalig vinterstid
	Toppskarv	25	Sporadisk og fåtalig vinterstid
	Siland	30	Fåtalig hekkefugl
	Fjæreplytt	60	Fåtalig hekkefugl
Heile året	Nise	Global raudlisteart	Observerast jamnleg
	Lemen	Minst 25	Vanlig i fjellet
	Oter	Minst 25	Mogleg ynglende
	Jerv	Global raudlisteart	Streifdyr, sjeldan

STATUS FOR VILTELÉT I ETNE

AMFIBIUM


Stor salamander *Triturus cristatus* **Direkte truga (E)**
Sikker registrering i Dalatjørn ved Håland, både egg og vaksne individ (Dolmen 1997). Også observert i myrdam søraust for Dalatjørn og dam ved Sandvik. Finst tidlegare på Vannes, men denne lokaliteten har usikker status no.

Frosk

Rana temporaria
Vanleg i heile kommunen. Ynglar i fisketomme dammar, tjørn og vasspyttar. Ein dam like nord for vegen ved Lauvvik har til tider svært høg individtettleik og må kunne reknast som ein svært viktig ynglelokalitet. Det er òg kjent froskedammar på Grindheim (nord for hovudvegen) og Skromme.

Padde

Bufo bufo
Fåtalig til vanleg langs fjordane og på solsida i dalføra. Mogleg yngling i Mortveitsvatnet. Yngla tidlegare i innlaupet til Rullestadvatnet, men dette området er no fylt att. Ser ut til å vere mest talrik på lune, solrike stader. Manglar (eventuelt sjeldsynt) på sørsvida av dalføra. Ein liten dam like ved vegen ved Ebne på Skånevikstranda ser ut til å vere ein viktig ynglelokalitet (RVO).



KRYPDYR

Firfisle

Lacerta vivipara
Flest registreringar i nordre delar av kommunen frå Åkrafjorden (begge sider) til Børkjenesområdet. Meir spreidde registreringar sør i kommunen. Finst i myrområde, men er også registrert i andre terrengetypar.

Stålorm

Anguis fragilis
Ikke uvanleg på stader som er solvendt, men sjeldsynt eller fråverande på meir skuggefyllede stader som sørsvida av dalføra og sørsvida av Åkrafjorden.

Hoggorm

Vipera berus
Vanleg. Mest utbreidd på solvende stader. Manglar truleg på sørsvida av Åkrafjorden og i Fjæra /Rullestadområdet.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Etne er det registrert 179 fugleartar. Av desse er godt og vel 100 registrerte som hekkefuglar (konstatert eller sannsynleg hekking). Det er gjort relativt grundige undersøkingar av fuglefaunaen i nedslagsfeltet til Etneelva i samband med konsesjonsavgjeraende undersøkingar (Byrkjeland m.fl. 1984), og Vaulaelva og Daleelva i samband med konsekvensanalyse for Saudaprosjektet (Dale og Pedersen 1992). Amatørornitologar har òg i ei årrekke gjort registreringar i kommunen, særleg i områda Etneosen, Stordalsvatnet og Osvågen. Nummer 2-1998 av NOF-Hordaland sitt lokaltidskrift, *Krompen*, har spesiell vekt på fuglefaunaen i Etne kommune.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarte ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og obsevasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. Erfaringar viser at sjølv karakteristiske artar forbausande ofte blir feilbestemt. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitoligisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar av sjeldne artar og artar med forvekslingsrisiko. Grunnlaget for vurderinga bygger på dokumentasjon eller skildring av fuglen, observasjonsforhold og observasjonsdato. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite) og det finst ein slik kommite i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjening av desse kommitene. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneholder også observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjening er difor kun artar med funn godkjent av LRSK

eller NSKF omtalte og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanhetiskommiteane (eller til LRSK-arkivet når publikasjonen ikkje har vore tilgjenge). For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre rapportar i NOF-Hordaland sitt lokaltidsskrift eller til observatør. Talet på observasjonsdataar for den enkelte art er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine internett sider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**

Truleg fåtalig hekkefugl i Sørfjellet. Revirhevande par er observert seinast i 2001 (FFA). Par med flygedyktige ungar vart registrert i nordre delen av Stordalsvatnet 8/8-1998 (TBE). Desse har venteleg hekka i omliggjande fjellvatn.

Storlom *Gavia arctica* **Omsynskrevjande (DC)**

Registrert i Sørfjellet, Stordalsvatnet og midtre/indre Etnefjell. Hekka regelmessig på ved Krokavatn på 1980- og -90-talet. Vaksen fugl med ungar er òg registrert i Høylandsvatn, i småtjørner ved Basurnduten og i Stordalsvatnet. Hekkar venteleg også i indre Etnefjell.

DYKKARAR

Dvergdykkar *Tachybaptus ruficollis*

1-3 individ overvintrar årleg i Stordalsvatnet og Etneosen (RVO).

Horndykkar *Podiceps auritus*

1 individ observert i Osvågen 5/10-1985 (IMÅ), og 1 individ i Sandvik 14/10-1988 (SOB).

SKARVAR

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbest.**

Regelmessig, men fåtalig trekk- og vintergjest i fjordområda. Kan oversomre, men hekkar ikkje i Hordaland. Hekkar hovudsakelig frå Trøndelagskysten og nordover.

Toppskarv *P. aristotelis* **Ansvarsart vinterbestand**
6-8 individ skal vere registrert overvintrande ved Ebnehanen, Skånevikstranda. Vinterregistering skal òg vere gjort andre stader i kommunen, m.a. på Sus ved Tungesvik. Toppskarven overvintrar normalt meir kystnært

og førekomst i fjordområda må reknast som sjeldan og sporadisk. NB: Forvekslingsfare med storskarv vinterstid! Nærmaste hekkeplass ligg på Sørøyane i Bømlo kommune.

STORKEFUGLAR

Gråhegre *Ardea cinerea*

Blir jamleg registrert på næringssøk langs elvar og vatn i heile kommunen, også på fjellet. Den er kolonirugar og det er registrert ein hekkekoloni på Melandsholmen i Osvågen. Held seg hovudsakeleg langs sjøkantane om vinteren, men kan òg sjåast langs vassdraga dersom elv eller vatn er isfrie.



Stork *Ciconia ciconia*

Ein streiffugl registrert fleire stadar i kommunen sommaren 1998 (Falkenberg 2000). Collett nemner dessutan eit funn av ein ungfugl i Etne på 1800-talet.

ANDEFUGLAR

Knoppsvane *Cygnus olor*

Nyetablert hekkefugl. Det har også vore fleire overvintrande individ i Etnefjorden dei siste åra. Første hekkefunn (som også er første hekkefunn i Hordaland) vart registrert i Osvåg (Melandsholmen) sommaren 1999, då eit par fekk fram 2 ungar (Falkenberg 2000). I 2000 vart reiret tatt av springflo, men dei tre siste åra (2001-2003) har hekkinga vore vellukka (GMA).

Songsvane *Cygnus cygnus*

Overvintrar regelmessig i Stordalsvatnet og Litledalsvatnet. Talet på fugl har auka dei siste åra (i 1998/99 minst 40-50 individ). Dei trekker mellom fleire vatn (og Etneosen) i kommunen alt etter om dei er isfrie eller ikkje. Registrerte

Sjeldan (R)

lokalitetar er Rullestadvatnet, Stordalsvatnet, Vatndalsvatnet, Hardelandsvatnet, Litledalsvatnet og Etneosen.

Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*

3-4 individ registrert under rasting på Enge/Gjerde enkelte haustar (THÅ). Eit individ overvintra truleg eit år på Tongane (THÅ).

Grågås *Anser anser*

Dei siste åra har det oppholdt seg ein flokk grågås ved Nervikkubben om sommaren. Nokre av desse har hekka (ONE). Det kan sjå ut som dette vert fast hekkeområde for grågås. Elles er det vanleg med grågåstrekk over bygda om hausten. Mellom Gaddanut og Børkjenesnut går det fleire trekk om dagen i «høgsesongen». Det går også trekk over Sør-fjellet frå nordvest over Krokavatnet og Søre Bjønndalen mot Ropeid. Desse flokkane har ofte rastepllass ved Krokavatnet.

Kanadagås *Branta canadensis*

Det vart sett ut Kanadagås i Skidalsvatnet ved Eikemo i 1997. Elles vert det registrert streif-fugl av Kanadagås rundt i kommunen frå tid til annan. Høgt tal: 31 individ ved Skånevik 16/1-1994 (CVO). Opprinnleig nordamerikansk art som er sett ut som jaktobjekt.

Kvitkinngås *Branta leucopsis*

8 individ heldt seg ca. ei veke ved Etne Planeskule ein haust ca. 1990 (THÅ). Trekk over Fikse registrert hausten 1997 (BAA). Normalt trekker kvitkinngåsa langs den ytste kysten, og er sjeldan å sjå såpass langt inne som Etne. Hekkar på Svalbard.

Ringgås *Branta bernicla*

2 individ ved Skånevik 6-7/5-2003 (CVO). Svært uvanleg observasjon. Ringgåsa trekker normalt langs den ytste kysten. Hekkar på Svalbard.

Gravand *Tadorna tadorna*

Sjeldan gjest. M.a. 2 individ i Osvåg 30/7-1988 og 3 individ i Etneosen 21/5-1989 (GMA).

Brunnakke *Anas penelope*

Registrert haust og vår i Litledalsvatnet. Også registrert i Vatndalsvatnet, Søre Bjønndalen, Rullestadvatnet og Etneelva.

Krikkand *Anas crecca*

Vanleg hekkefugl i fjellområda i Etne, særleg i Sør-fjellet. Overvintrar stundom i Etneosen.

Stokkand *Anas platyrhynchos*

Vanleg hekkefugl ved vatn over det meste av kommunen. Også vanleg om vinteren.

Stjertand *Anas acuta*

Sjeldan trekkgjest. 1 ho i Etneosen 15/10-2001 (IMÅ, RVO) og 1 individ i Osvågen 13-15/9-2002 (GMA, HMA, IMÅ).

Toppard *Aythya fuligula*

Overvintrar årlig m.a. i Stordalsvatnet og Litledalsvatnet.

Bergand *Aythya marila*

Bør overvakast (DM)

Registrert i Etneosen m.a. 4-7/4-1985 (GMA, HMA, IMÅ). Er som hekkefugl normalt knytt til fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. Ikkje registrert hekkande i Etne.

Ærfugl *Somateria mollissima*

Vert av og til registrert ytst i Etnefjorden og i Åkrafjorden om vinteren.

Havelle *Clangula hyemalis*

Bør overvakast (DM)

Sjeldan vintergjest. M.a. eit individ i Osvåg 12/11-1989 (GMA). Som hekkefugl er havella knytt til innsjøar i fjellet (hekkar i Hordaland kun på Hardangervidda, fåtalig). Arten er observert i øvre del av Sørdalen 29/10-1978 (Dale & Pedersen 1992), men indikasjonar på hekking føreligg ikkje.

Svartand *Melanitta nigra*

Bør overvakast (DM)

Liten flokk registrert i Osvåg 4/4-1985 og 13/10-1990 (Voie 1998). Er som hekkefugl normalt knytt til fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. I Hordaland hekkar sjørra fåtalig på Hardangervidda.

Sjørre *Melanitta fusca*

Bør overvakast (DM)

Registrert i Stordalsvatnet, både om sommaren og som overvintrande. Ei ho med 8 ungar vart observert i nordenden av Stordalsvatnet medio juli 1995 (Berg 1998). Er som hekkefugl normalt knytt til fjellvatn med god tilgang på botnlevande krepsdyr. I Hordaland hekkar sjørra fåtalig på Hardangervidda.


Kvinand *Bucephala clangula*

Overvintrar regelmessig i m.a. Stordalsvatnet, Litledalsvatnet og Etneosen.

Siland *Mergus serrator*

Ansvarsart vinterbestand

Hekkar ved Etneelva og venteteg også ved Stordalsvatnet. Overvintrar i Etnefjorden. Fåtalig, men fast bestand.



Laksand *Mergus merganser*

Overvintrar i Litledals- og Stordalsvatnet og i Etnefjorden. Oversomring skal også vere registrert fleire gonger. Mogleg hekking har blitt registrert ved Stordalsvatnet: Ei ho med så vidt flygedyktige ungar vart skremt opp i nordenden av vatnet 30/7-1998 (Berg 1998). Det skal også tidlegare ha blitt funne eit reir med egg i ei gammal alm ved Norheim, men opplysningane er ikkje dokumenterte (Byrkjeland m.fl. 1984).

ROVFUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla* Omsynskrevjande (DC)

Ansvarsart hekkebestand

Havørnbestanden har sidan 1980-talet vore på frammars i Hordaland (og langs resten av kysten i Sør-Noreg). I 2001 vart arten først gong funnen hekkande i Etne (RVO) og i 2003 vart eit reir med ungar funne lenger inne i Åkrafjorden (GAE). Observasjonar sannsynleggjer at 2-3 par hekkar i kommunen.

Hønsehauk *Accipiter gentilis* Sårbar (V)

Hekking er registrert ved Sørstranda i 1995 (og 1997?). Dette er den einaste kjende hekkelokaliteten for hønsehauk i Etne. Arten er knytt til eldre furu- og blandingsskog og det er sannsynleg at bestanden i Etne tel 3-5 par. Blir regelmessig sett på kråkejakt ved Litledalsvatnet haust og vinter.

Sporvehauk *Accipiter nisus*

Fåtalig hekkefugl. Hekking er registrert ved Litledalsvatnet. Nokre individ overvintrar.

Musvåk *Buteo buteo*

Seldan trekkjest. 1 individ ved Skånevik 23/3-2002 (Falkenberg 2003).

Fjellvåk *Buteo lagopus*

Relativt vanleg i smågnagarår. Hekkar spreidd i fjellområda i kommunen. I år med lite smågnagarar kan den vera heilt borte.

Kongeørn *Aquila chrysaetos* Sjeldan (R)

Fåtalig hekkefugl. Hekking påvist tre stader i kommunen.

Fiskeørn *Pandion haliaetus*

Registrert på trekk/streif ved Frette og i Osvåg fleire gonger, m.a. 1 ind. ved Frette 8/8-1981 (TBE) og 1 ind. i Osvågen 27/4-1997 (RVO).

Tårfalk *Falco tinnunculus*

Vert registrert regelmessig i fjellområda i smågnagarår. Hekking registrert i Sørfjellet og Stordalen.

Dvergfalk *Falco columbarius*

Fåtalig, men regelmessig registrert i fjellområda i kommunen. Hekkar truleg fåtalig i kommunen.

**Jaktfalk** *Falco rusticolus*Sårbar (V)

Ansvarsart hekkebestand

Registrert i høgfjellsområda på begge sider av Åkrafjorden. Vidare langs grensa mot Rogaland utover mot Bjørndalsområdet. Det er også registrert sannsynleg hekking ein stad i kommunen.

Vandrefalk *Falco peregrinus*Sårbar (V)

Bestanden av vandrefalk har lenge vore i framgang, men det er gjort påfallande få observasjonar av arten i Etne. Det er ikkje usannsynleg at arten hekkar i kommunen, særleg langs fjorden, men å konstatere dette kan vere vanskeleg.

HØNSEFUGLAR

Lirype *Lagopus lagopus*

Relativt vanleg hekkefugl i fjellområda nær skogsgrensa i heile kommunen. Noko mindre vanleg på Skånevikshalvøya og i fjellområdet innover mot Kyrring enn i resten av kommunen.

Fjellrype *Lagopus mutus* Ansvarsart hekkebestand

Det skal vere ein særskilt god bestand i indre Etnefjell. Også god bestand i fjellområda på nordsida av Åkrafjorden og langs grensa mot Rogaland vestover til Bjørndalsområdet. Held seg i høgfjellet heile året. Samlar seg i flokkar om vinteren.

Orrfugl *Tetrao tetrix*

Ganske vanleg hekkefugl i skoggrensa opp mot fjellet i heile kommunen. Det er registrert fleire spellassar.

Storfugl *Tetrao urogallus*

Storfuglen er ein arealkrevjande art som er knytt til større, samanhengande område med

gammal furuskog. Arten er registrert fåtalig i skogsområda frå Sørstranda til Rus/Tosko, på Skånevikstranda, på begge sider av Åkrafjorden og i skogsområda ved Rullestad. Ut frå areal og utbreiing av furuskog i kommunen har Gjerde (1988) anslått talet på leikar til seks, og bestandstørrelsen til omlag 60 individ.

Fasan *Phasianus colchicus*

Har hekka på Auastad og Grindheim (TGR). Dette dreier seg om fuglar som er utsette. Fasanen er opprinnelleg ein asiatsk art som er sett ut mange stader i Europa som jaktobjekt (i dag er utsetjing av viltartar for jakt i utgangspunktet forbode).

TRANEFUGLAR

Vannrikse *Rallus aquaticus* Sjeldan (R)

Fåtalig vintergjest, men svært vanskeleg å registrere. Eit individ er registrert ved Etne planteskule (THÅ).

Åkerrikse *Crex crex*

Direkte truga (E)

Sannsynleg fåtalig hekkefugl fram til midten av 1960-åra. Syngande hannar blir framleis sporadisk hørt (Voie 1998). Det er registrert syngjande hannar på Eikemo, Enge (Silla), Kaldheim/Auastad, Håland, Tungesvik og Sørstranda dei siste åra.

Sivhøne *Gallinula chloropus*

Registrert ved Etne planteskule vinterstid (THÅ). Eit overvintrande individ vart observert ved Skånevik 1995/96 (CVO). Skal ifølgje Colllett ha ruga i Etne i førre århundre.

Sothøne *Fulica atra*

Fåtalig og sporadisk vintergjest. Registrert m.a. ved Etne planteskule og i Stordalsvatnet (THÅ). 1 individ i Etneosen 16-18/12-1983 (Osaland 1985).

Trane *Grus grus*

Bør overvakast (DM)

Vert år om anna registrert under vårtrekket (registrert på Kaldheim, Tesdal og Gjerde).

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Vanleg hekkefugl langs sjøkanten i heile kommunen. Hekkar også ved ferskvatn m.a. ved Litledalsvatnet/Sørelva, Stordalsvatnet og Rullestadvatnet.

Sandlo *Charadrius hiaticula*

Fåtalig og uregelmessig trekkgjest. Registrert på trekk m.a. i Skånevik.

Boltit *Charadrius morinellus*


Hekkar fåtalig, men regelmessig i indre Etnefjell. Fleire spelande individ og eit reirfunn ved Borgedalsvatn 30/6-1984 (Byrkjeland m.fl. 1984).

Heilo *Pluvialis apricaria*

Vanleg hekkefugl i fjellet i heile kommunen. Førkjem og relativt vanleg i mindre tal på dyrkamark i trekktidene. Høgt tal: 120 individ ved Stødle 22/4-1994 (RVO).

Vipe *Vanellus vanellus*

Vanleg hekkefugl på dei store jordbruksareala sentralt i kommunen. Tynnare bestand på Skåneviksida og i Åkrafjordområdet. Vipa hekkar oftast i open åker. Då det no er mindre korndyrking i kommunen, vil kanskje også vipebestanden minke. Enkelte år kan småflokkar overvintra i kommunen.



Temmincksnipe *Calidris temminckii*

Sjeldan trekkgjest. Registrert på trekk ved Høylandsvatn (THÅ).

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Hekkar fåtalig, men regelmessig i indre Etnefjell. Fluktspel registrert på to lokalitetar ved Kvelvavatn 31/5-1984 og reirfunn ved Vaulavatn 21/6-1984 (Byrkjeland m.fl. 1984).

Myrsnipe *Calidris alpina*

Fåtalig trekkgjest registrert ved Etneosen.

Brushane *Philomachus pugnax*

Vert registrert i Etneosen under trekket. M.a. 28 individ 11/8-1980 (RVO, AJO) og ukjent tal ved Øyane 3/7-1996 (THÅ).

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*

Hekkar på myrar/fuktig grasmark over heile kommunen.

Dobbeltbekkasin *Gallinago media* **Omsynskr. (DC)**
Sjeldan trekkfugl. Eitt individ registrert på Frette 20/4-1984 (TBE, Osaland 1985).

Rugde *Scolopax rusticola*
Utbreidd, men truleg relativt fåtalig hekkefugl i fuktige skogsområde over heile kommunen. Overvintrer i milde vintrar m.a. i liene på Skånevikshalvøya, til dels også lenger innover i kommunen.

Lappspove *Limosa lapponica*
Sjeldan trekkfugl. 12 individ registrert på Leknes 2/7-1995 (RVO).

Småspove *Numenius phaeopus*
Sjeldan trekkfugl. 1 individ registrert i Etneosen 17/5-1985 (GMA, IMÅ, RVO).

Storspove *Numenius arquata*
Fåtalig hekkefugl på flatane langs Etneelva, Nordelva og Sørelva.

Raudstilk *Tringa totanus*
Fåtalig hekkefugl langs sjøkantane, langs vannet i låglandet og også ved enkelte vann og tjørn på fjellet.

Gluttsnipe *Tringa nebularia*
Fåtalig trekkfugl. Registrert m.a. i Osvåg 16/8-1987 (GMA) og langs Etneelva.

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*
Vanleg hekkefugl, først og fremst ved vann og vassdrag, men også langs fjorden. Svært god bestand langs Sørelva.

Symjesnipe *Phalaropus lobatus*
Svært sjeldan trekkfugl. Registrert på trekk 2/5-1998 (THÅ).

JOAR, MÅKER OG TERNER


Tjuvjo *Stercorarius parasiticus*
Sjeldan streiffugl. 1 individ registrert i Osvåg 12/7-1985 (GMA, FJO).

Hettemåke *Larus ridibundus*
Er ofte å sjå om våren saman med andre måkeartar, men hekking er ikke konstatert. Registrert fåtalig i Stordalsvatnet også om sommaren, m.a. ein voksen fugl saman med to flygedyktige ungar ved Frette 28/7-1996 (Berg 1998). Dette er imidlertid ingen indikasjon på hekking, sidan observasjonen er gjort såpass seint på sommaren (ungfuglar kan sjåast i juli over det meste av fylket, men det er ikke snakk om lokale hekkefuglar).

Fiskemåke *Larus canus*
Vanleg hekkefugl. Hekkar på holmar i sjøen og vatna. Også reir langs vassdraga. Kan til dels ha reir relativt langt fra vann enkelte stadar. Trekkjer ut mot kysten vinterstid.

Sildemåke *Larus fuscus intermedius*
Mogeleg hekkefugl. Til tider vanleg art sommarstid. Ikkjehekkande individ samlar seg gjerne i flokkar ved åkrar og dyrka mark. Sildemåken er regulær trekkfugl og forlet landet vårt i august/september og returnerer i mars/april. Ungfuglar returnerer vanlegvis ikkje før dei er 2-3 år gamle. Underarten **britisk sildemåke** *L. f. graellsii* er observert i Etne ein gong: 1 voksen fugl ved Grindheim 9-11/7-2001 (Falkenberg 2002).

Gråmåke *Larus argentatus*
100 til 200 par hekker på Skåno. Vert elles registrert på streif rundt i kommunen. Vanleg. Overvintrer langs kysten.



Svartbak *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**
Hekkar fåtalig på Skåno. Streiffugl elles i kommunen. Overvintrer langs kysten.

Makrellterne *Sterna hirundo*
Hekkar på Holmaseidholmen, (Brattholmen), holme ved Leknes og på Markhusholmen. Vanleg å sjå langs sjøen sommarstid.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*
Vert observert årleg. Mogeleg hekkefugl i blandingskoloni med makrellterne.

ALKEFUGLAR

Lomvi *Uria aalge* **Sårbar (V)**
Registrert fåtalig i fjorden om vinteren.

Alke *Alca torda*
Registrert fåtalig og sporadisk i Skåneviksfjorden vinterstid.

Teist *Cephus grylle***Bør overvakast (DM)**

Vert av og til registrert på fjorden vinterstid, m.a. i Romsasundet.

Alkekonge *Alle alle*

Registrert enkeltvis og flokkvis på overvintring i fjordane. 20/11-1987 vart minst 100 individ observert utanfor Sandvik (SOB).

DUER

Bydue *Columba livia var. domestica*

Registrert i Stordalen. Det er usikkert om dette dreier seg om bydue eller brevduer.

Ringdue *Columba palumbus*

Vanleg hekkefugl i skogsområda i heile kommunen.

Tyrkerdue *Streptopelia decaocto*

Registrert fleire stader i kommunen på 70-talet. I dei seinare åra har det vore ein liten fast bestand på Håfoss ved Etne Bygdemølle (TGR).

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Relativt vanleg hekkefugl i heile kommunen.

UGLER

Hubro *Bubo bubo***Sårbar (V)**

Enkeltindivid vert registrert av og til fleire stader i kommunen. Sannsynleg hekking på nordsida av Åkrafjorden, i Stordalsområdet og området Sørfjellet/Sørstranda. Det vart registrert meir hubro i kommunen for nokre tiår sidan.

Snøugle *Nyctea scandiaca***Sårbar (V)**

Streiffugl vart registrert år om anna på nordsida av Åkrafjorden (Eikemostål) i alle fall på 1970-talet. Snøugla har vorte stadig sjeldnare og er ikkje registrert hekkande på dei tradisjonelle plassane på Hardangervidda på over 30 år! Alle observasjonar av arten må no godkjennast av LRSK.

Haukugle *Surnia ulula*

Streiffugl vert registrert rundt i kommunen år om anna. Dette skjer som regel i samband med invasjonar av fuglar, truleg frå Sibir, etter gode produksjonsår og påfølgjande samanbrot i smågnagarbestanden. 1 individ funnen død ved Vad september 1983 og 1 individ sett ved Hellaugvatn sept./okt. 1983 (Byrkjeland m.fl. 1984).

Kattugle *Strix aluco*

Fåtalig hekkefugl i skogsområda og nær kulturmark i heile kommunen.

**Hornugle** *Asio otus*

Registrert ved Håfoss 16/7-2000 (Falkenberg 2001). Også registrert ved Keisarhola i trekkida (THÅ).

Jordugle *Asio flammeus*

Hekking registrert ved Himrestøl, Sørfjellet på 1980-talet (IAU). Streiffugl vert registrert år om anna.

Perleugle *Aegolius funereus*

Vart registrert årleg i fjellskogen over Kaldheim fram til 1980-talet (IAU). Er óg registrert synjande fleire år i Fjæra/Rullestadom-rådet (Voie 1998).

SEGLARAR

Tårnseglar *Apus apus*

Vart jamleg registrert om sommaren. Tårnsegla kan flyge svært langt på næringssøk i hekketida, så observasjonar sommarstid treng ikkje vere nokon indikasjon på hekking i nærområdet.

RÄKEFUGLAR

Isfugl *Alcedo atthis*

Eit individ ved Etneelva vinteren 1984 og eit individ same stad 6/1-1985 (THÅ, Pedersen 1998).

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla***Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl i kommunen. Hekking registrert i Stordalen og på Kaldheim. Den einaste

trekkfuglen blant spettefuglane våre. Vende-halsen har blitt stadig sjeldnare, utan at ein kjenner årsakene til dette. Omleggingar i land-bruket, med mindre husdyr på skogsbeite, er ei mogleg forklaring, men mest truleg er årsake-ne å finne i overvintringsområdet i tropisk Afrika.

Gråspett *Picus canus* **Omsynskrevjande (DC)**

Truleg fåtalig hekkefugl i eldre skog med ospeinnslag. Få registreringar, m.a. på Eikemo og Skånevikstranda (RVO). Gråspetten føretrekker osp som reirtre (dette gjeld forøvrig òg dei fleste andre spetteartane), og eldre skog som inneholdt ospeholt er difor høgaktuelle spettebiotopar.

Grønspett *Picus viridis*

Fåtalig hekkefugl i lauv- og blandings-skog. Ser ut til å vera mest vanleg i Åkrafjordområdet, men vert også registrert andre stadar i kom-munen. Maurspesialist som gav ut maurtuer på ein karakteristisk måte.

Flaggspett *Dendrocopos major*

Vert registrert av og til rundt i kommunen. Fåtalig hekkefugl. Er mindre kresen i val av hekkeområde enn dei andre spettane og er den einaste spettearten som utnyttar konglefør. Såkalla spettesmier er det alltid flaggspetten som står bak.

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* **Sårbar (V)**

Fåtalig hekkefugl knytt til eldre skog med god tilgang på ståande død ved. Det er gjort fleire registreringar av kvitryggspett i kommunen. Hekkefunn er gjort i Stordalsområdet (reirfunn ved Sande), på Skånevikstranda (RVO) og ved Rullestad (RVO) og svært sannsynleg i Sør-bygda. Finst truleg dei fleste stader i kom-munen der ein finn litt større område med eldre naturskog.

Dvergspett *Dendrocopos minor* **Omsynskr. (DC)**

Registrert fleire stadar i kommunen. Fåtalig hekkefugl i lauvskog med god tilgang på døde tre.

SPORVEFUGLAR

Sanglerke *Alauda arvensis*

Fleire par hekkar i Øyane. Også sannsynleg hekking på Sørstranda. Streiffugl elles i kom-munen.

Fjellerke *Eremophila alpestris* **Sårbar (V)**

Sjeldan trekgjest. Registrert på Såte, Kaldheim på 1970-talet (IAU).

Sandsvale *Riparia riparia*

Vanleg hekkefugl. Hekkar i sandtak med høve-lege sandvegger (Austrheim, Rafdal, Lonsdal ved Håfoss, Kaldheim, Sørheim og Tveitavoll). Fleire av desse koloniane er no truleg borte. I 2001 vart det funne koloniar i bruk ved Kaldheim (ca. 10 par), Håfoss (ca. 40 par) og sandtaket ved Austrheim (ca. 250 par). Ved synfaring 2002 var kolonien ved Håfoss ikkje i bruk og kolonien ved Austrheim var redusert til ca. 170 par.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Hekkar i løer og uthus o.l. over heile kommu-nen. Låvesvala var meir talrik tidlegare. Årsa-kene til dette kan vere mange, men den viktigaste er kanskje å finne i vinterkvarteret i sørlege Afrika. Her heime kan endringar i landbruket vere ei årsak. M.a. er lukking av uthus og driftsbygningars lite gunstig fordi låve-svala helst hekkar inne i slike bygningar.

Taksvale *Delichon urbica*

Registrert i småflokkar over heile kommunen sommarstid. Hekking m.a. ved Litledalen kraft-stasjon. Bestandsnedgangen for taksva har vore endå meir markert enn for låvesvala. Her er årsakene mest truleg å finne i vinterkvarteret som også for denne arten ligg i sørlege Afrika.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Relativt vanleg i Etne. Hekkar i skogsområde, ofte nær kulturmark.

Heipiplerke *Anthus pratensis*

Vanleg hekkefugl i fjellområda over heile kommunen.

Skjærpiplerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**
Registrert i m.a. på Leknes (BAA) og i Osvåg 18/5-1984 (RVO). Sannsynleg fåtalig hekkefugl langs fjorden.

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl ved busetnad, kulturmark og våtmark over heile kommunen. Eit individ av underarten **svartryggerle** *M. a. yarellii* vart regis-trert primo april 1998 (Falkenberg 1998).



Vintererle *Motacilla cinerea*

Hekka ved Håfoss i 1995, sannsynleg også i 1996 (Voie 1998) og 1997. Observert ved Hjelmervik, 14/04-2003 (OHE). Tilknytt rennande vatr.

Sidensvans *Bombycilla garrulus*

Vert år om anna registrert flokkvis på trekk/streif haust og vinter.

Fossekall *Cinclus cinclus*

Ganske vanlig hekkefugl ved elvar og bekker over heile kommunen. Reir m.a. ved Håfoss. Langs gunstige elvestrekk er det gjerne ca. 1 km mellom reira.

Gjerdesmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon over heile kommunen.

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog, ofte i nærleiken av kulturmark.

Raudstrupe *Erythacus rubecula*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon over heile kommunen.

Blåstrupe *Luscinia sveicica*

Hekkar fåtalig enkelte stadar i vierbeltet i Etnefjella (indre Etnefjell, Skånevikshalvøya, Sør-fjellet, m.a. ved Krokavatnet).

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalig hekkefugl, helst i litt eldre furu- og blandingskog.

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Vanleg til fåtalig hekkefugl ved kulturmark og våtmark.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Relativt vanleg hekkefugl. Knytt til røyser, steingardar o.l. spesielt langs kysten og i fjellet.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Ganske vanleg hekkefugl ved skoggrensa i heile kommunen.

Svartrast *Turdus merula*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon over heile kommunen. Overvintrar også vanleg.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg hekkefugl over heile kommunen.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skogsområda over heile kommunen.

Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Vanleg hekkefugl i skog over heile kommunen.

Duetrast *Turdus viscivorus*

Eit individ registrert ved Ebne, Skånevikstranda 2/4-2000 (RVO).

Grashoppesongar *Locustella naevia*

Enkeltregisteringar i Øyane, Sandvik 20/5-1988 (Mjøs 1988) og på Sørstranda 3-5/6-1998 (Falkenberg 1999). Skal også vera registrert langs Etnelva av laksefiskarar frå tid til anna. Syng helst om natta.

Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

1 individ registrert på Rullestad tidleg på 1980-talet (Voie og Larsen 1982).

Gulsongar *Hippolais icterina*

Fåtalig hekkefugl. Relativt mange registreringar i Stordalen, særleg på Frette og innover (fleire hekkande par). Ein karakterart for ore-skog langs vassdrag.

Møllar *Sylvia curruca*

Enkelt individ registrert ved Frette primo juni 1992 og i Litledalen same år (THÅ). Mogleg hekking i Litledalen.

Tornsongar *Sylvia communis*

Registrert i Stordalen, Skånevik og på Kaldheim. Sannsynleg hekkefugl. Knytt til ope tereng med spreidde busker og kantvegetasjon.

Hagesongar *Sylvia borin*

Fåtalig hekkefugl knytt til frodig lauvskog.

Munk *Sylvia atricapilla*


Vanleg hekkefugl, først og fremst i frodig lauvskog.

Bøksongar *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan art som berre er registrert nokre få gonger. Mogleg hekkefugl enkelte år. M.a. ein ungfugl ringmerka på Frette 3/8-1985 (TBE).

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Vanleg og talrik hekkefugl i heile kommunen. Den mest talrike fuglearten i Etne (og dei fleste andre stader i landet) sommarstid.



Gransongar *Phylloscopus collybita*

Relativt vanleg hekkefugl i låglandet. Er på Vestlandet først og fremst knytt til lauvskogsområde i låglandet, gjerne edellauvskog, namnet er difor litt misvisande.

Fuglekonge *Regulus regulus*

Vanleg hekkefugl i barskog over heile kommunen. Følgjer ofte meiseflokkar om vinteren.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*

Ganske vanleg hekkefugl i lauvskog. Hekking registrert m.a. i Stordalen (TBE).

Svartkvitflugesnappar *Ficedula hypoleuca*

Vanleg hekkefugl i lauv- og blandingskog. Hol rugar som ofte hekkar i fuglekassar.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Relativt fåtalig hekkefugl. Vert ofte registrert i småflokkar om vinteren.

Lauvmeis *Parus palustris*

Relativt vanleg hekkefugl. Er generelt knytt til frodigare skog enn den snarlike granmeisa.

Granmeis *Parus montanus*

Vanleg hekkefugl i skog over heile kommunen.

Toppmeis *Parus cristatus*

Ganske vanleg hekkefugl i furuskogsområdet. M.a. i Eikemo-Rullestadområdet, Skånevikstranda og Litledalen.

Svartmeis *Parus ater*

Hekkefugl i Skåneviksområdet. Vert også av og til registrert andre stadar i kommunen. Svartmeisbestanden har truleg auka noko som ein følgje av granplanting (trivst godt i litt eldre granskog).

Blåmeis *Parus caeruleus*

Vanleg hekkefugl. Opprinnelig knytt til skog, men hekkar gjerne i kassar og holrom i bygningar.

Kjøtmeis *Parus major*

Vanleg hekkefugl. Som blåmeis opprinnelig knytt til skog, men hekkar gjerne i kassar holrom i bygningar.

Spettmeis *Sitta europaea*


Ganske vanleg hekkefugl. Helst i frodig, litt eldre lauvskog.

Trekrypar *Certhia familiaris*

Relativt fåtalig hekkefugl i eldre bar- og blandingskog.

Tornskate *Lanius collurio*

Sjeldsynt art i Etne kommune og i Hordaland forøvrig. Ein hann vart registrert på Frette 6/6-1985 (TBE). Registrert hekking i Sandvik 1988 (Brekke 1988, Mjøs 1988).

**Varslar** *Lanius excubitor*

Streiffugl vert av og til registrert haust og vinter. Registrert i Litledalen på 1970-talet (IAU), Vatnedal 14/11-1993 (Voie 1998).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Vanleg hekkefugl på Skånevikshalvøya og langs Åkrafjorden. Mest streiffugl i resten av kommunen. Tilknytt barskogsområde.

Skjor *Pica pica*

Vanleg hekkefugl i heile kommunen. Knytt til kulturlandskapet.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

Sannsynleg hekking i Grindheimslia (TGR) og ved Frette. Tre individ registrert på Eikemo i 1997 (GAE). Hekkar gjerne i litt eldre granplantefelt i nærleiken av hasselskog.

Kiae *Corvus monedula*

Enkeltindivid og småflokkar vert regelmessig registrert om hausten/vinteren saman med kråkeflokkar.

Kornkråke *Corvus frugilegus*

Vert helst registrert i trekktidene og om vinteren. Einskildindivid eller småflokkar. M.a. 2 ind. ved Etneosen, 21/1-2002 (RVO).

Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl i Etne. Døgntrekk mellom ytre og indre deler av kommunen om vinteren. Knytt til kulturlandskapet.

Ravn *Corvus corax*

Utbreidd hekkefugl i utilgjengelege bergveggar, helst i fjellområda. Vert sett ofte, men er likevel relativt fåtalig.

Stare *Sturnus vulgaris*

Vanleg hekkefugl ved jordbrukslandskapet over heile kommunen, hekkar i fuglekassar, under takpanner ol. Knytt til kulturmark.

Gråsporv *Passer domesticus*

Vanleg hekkefugl over heile kommunen. Har minka noko i antal seinare år. Knytt til kulturlandskapet.

Pilfink *Passer montanus*

Relativt fåtalig hekkefugl. Hekking registrert på Grindheim (TGR). Er også registrert lokalt enkelte andre stadar (Etne sentrum, Skånevik og Litledalen). Vert ofte registrert saman med gråsporv.

Bokfink *Fringilla coelebs*

Vanleg hekkefugl i heile kommunen. Enkelte overvinstrar.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Vanleg hekkefugl i høgareliggjande bjørkeskog. Enkelte overvinstrar.

Grønfink *Carduelis chloris*

Relativt vanleg hekkefugl enkelte stader i Etne, (Skånevik). Vert registrert flokkvis om vinteren.

Stillits *Carduelis carduelis*

Sjeldan trekk- og vintergjest. Registrert i Etne på 1980-talet (TGR) og 1 individ på Grindheim 25.02.2002 (THÅ).

Grønsisik *Carduelis spinus*

Vanleg hekkefugl i bar- og blandingsskog. Er ofte å sjå om hausten på jakt etter frø. Bestanden svingar med frøåra. Ein del overvinstrar i kommunen.

Tornirisk *Carduelis cannabina*

Mogleg hekkefugl. Sjeldsynt i Etne.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* Ansv. hekkebestand

Truleg fåtalig hekkefugl knytt til kyst- og fjellstro.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanlig hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing draktforskellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art (men dei kan ikkje skiljast på lyd, og det er ofte svært vanskelig å skilje dei på draktkarakterar også). Brunsisenken er tilknytta kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptrer også vanlig i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet. I Etne er hekking registrert m.a. i Stordalen. Observasjonar tyder også på at den hekkar vanleg i bjørkebeltet på Sørfjellet. Kan sjåast i større og mindre flokkar om vinteren. Gråsisik og brunsisik førekjem ofte i blandingsflokkar.

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*

Registrert m.a. på Nervik og i Stordalen. Mogleg hekkefugl. Såkalla invasjonsart, som enkelte år (spesielt vinterstid) kan forekomme talrikt.

Furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus*

Hekking registrert i Trommedalen. Steiffugl også registrert andre stadar i kommunen. Begge korsnebbartane er såkalla invasjonsartar, som kan opptre i større og mindre flokkar haust og vinter etter därlege frøår austpå (Russland). Grankorsnebben er den mest invasjonsprega arten og nok også den vanlegaste.

**Rosenfink** *Carpodacus erythrinus*

Syngjande hann registrert på Frette 6-7/6-1985 (Arnesen 1986). Arten skal også vere observert eit par gonger til, men desse observasjonane er ikkje innmeldt til LRSK.

Konglebit *Pinicola enucleator*

Sjeldan vintergjest. Ca. 50 individ observert i Skånevik 20/12-1995 (Pedersen 1998).

Dom pap *Pyrrhula pyrrhula*

Fåtalig hekkefugl, først og fremst i barskog, over heile kommunen.

Kjernebitar *Coccothraustes coccothraustes*

To individ skotne i Skånevik; ein i sept. 1882 (Collett) og ein i jan. 1884 (Zool. mus. Bergen).

Lappsporv *Calcarius lapponicus*

Registrert på trekk ved Øyane og Etneosen.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Hekkar stadvis vanleg i indre Etnefjell. Hekkar også i området Lysenut-Forevatnet. Opptrer av og til flokkvis i låglandet om våren under trekket.

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Vanleg hekkefugl i heile kommunen.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Generelt fåtalig hekkefugl, men gode bestandar er registrert ved fleire av vatna i bjørke- og vierbeltet (Byrkjeland m.fl. 1984). Registrert m.a. ved Stordalsvatnet og Himrestøl (Sørfjellet) ved Langfosselva, Hellaugelva og ved Etneelva.

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus* Bør overvakast (DM)

Vanleg i vestre delar av kommunen. Knytt til kulturmark. Sjeldsynt/manglar i Åkrafjordområdet frå Rafdal og innover. Manglar også på nordsida av Åkrafjorden. Det er eit generelt intrykk at bestanden har minka noko i dei seinare åra, men auka i enkelte delar av kommunen (t.d. rundt Litledalsvatnet).

Vanleg spissmus *Sorex araneus*

Vanleg art over det meste av kommunen. M.a. registrert under konsekvensanalyse for Etne- og Sauda-vassdraget. To andre spissmusartar er også registrert i Etne, **dvergspissmus** *Sorex minutus* og **vannspissmus** *Neomys fodiens*. Dvergspissmusa er truleg like vanleg som vanleg spissmus. Vannspissmusa er meir fåtalig, men er registrert på Skånevikstranda (RVO) og på Frette.

FLAGGERMUS

Grunna vanskelig artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunniskapen vår om forekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte også undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernnavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernnavdeling, ei fylkesdek-

kande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000). Dei nevnte undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket. Fire av desse er påviste i Etne.

Når det gjeld raudlistestatus er to av artane funne i Etne oppførte i kategorien DM – bør overvakast. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltingssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internetsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her vil du også finne mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Sannsynleg relativt vanleg art i Etne. Registrert av Syvertsen m.fl. (2000).

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Truleg den vanlegaste flaggermusarten i Etne som i landet forøvrig. Registrert av Syvertsen m.fl. (2000).

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)


Sannsynleg relativt vanleg art i Etne. Registrert av Syvertsen m.fl. (2000).

Langøyreflaggermus

Plecotus euritus

Bør overvakast (DM)

I Etne er langøyreflaggermusa kun funne i Skånevik. Her vart tre vaksne og to ungar funne i kyrkja 19/7-1999 (Syvertsen m.fl. 2000).



ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Vanleg i alle delar av kommunen. På 1980- og 90-talet gjekk revebestanden kraftig attende pga. skabb. Sjølv om skabben har teke livet av mykje raudrev, ser bestanden ut til å klara seg

godt. Arten er først og fremst tilknytt skog, men brukar alle landskapstypar inkl. kulturlandskap og fjellet under næringssøk.

Fjellrev *Alopex lagopus*

Direkte truga (E)

Vart registrert i fjellområda over Markhus (Kvamstølen/Hestaskardsnuten) fram til for ca. 15 år sidan. Ingen fast bestand i Etne i dag.

Bjørn *Ursus arctos*

Sårbar (V)

På 1800-talet var bjørnen utbreidd over store delar av indre- og midtre Hordaland. Frå 1846 til den siste bjørnen vart skoten i 1905, vart det felt 56 individ i fylket. I Etne vart det registrert bjørn fram til siste halvdel av 1800-talet. Den siste bjørnen skal ha blitt skoten i Sørfjellet og frakta ned til Gråteigen på Kaldheim.

Mink *Mustela vison*

Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pesldyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkomrarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmar. Arten er vanleg i heile kommunen, og er i første rekke tilknytt strandsoner og vassdrag. Bestanden ser ut til å ha minka dei seinare åra.

Røyskatt *Mustela erminea*

Vanleg over heile kommunen både på fjellet og i låglandet. Kanskje mest talrik på fjellet.

Snømus *Mustela nivalis*

Snømusa er registrert fåtalig rundt i kommunen, men er først og fremst knytt til fjellet. Snømusa syner seg sjeldan, det er derfor sannsynleg at snømusa er meir utbreidd i kommunen enn registreringane kan tyda på.

Mår *Martes martes*

Vanleg i skog, særleg eldre skog, over heile kommunen.

Oter *Lutra lutra*

Bør overvakast (DM)

Anvarsart

Tidlegare var oteren utbreidd over større delar av kommunen. I ytre delar forsvann den for 10-20 år sidan. I dei seinare åra har det blitt gjort pålitelige observasjonar av oter i Åkrafjorden frå Markhus/Eikemo og innover og i Dalelv ved Rullestad. Vinteren 1997 skal det ha vore registrert far etter oter (otersklier) i Skjersvik ved Børkjenes.

Jerv *Gulo gulo*

Sjeldan (R)

Registrert for ca. 20 år sidan i Mössegrønuten ved Markhus. Det skal også vera registrert spor ved Vaulo. Dokumentasjon føreligg ikkje, førekomst av streifdyr er sannsynleg.


Gaupe *Lynx lynx*

Bør overvakast (DM)

I dei seinare åra er det registrert gaupe i Åkrafjordområdet (Skrekollen), Hålandsheio, Skå-

nevikstranda, Berge/Halleland, Frette og ovanfor Vad. Observasjonane kan godt dreie seg om streifdyr, men det er gjort såpass mange registreringar dei siste åra at yngling innan kommunen ikkje er usannsynleg.

Gaupe held seg i skog. Den lever i hovudsak av skogsfugl, hare og halvstore hjortedyr, særleg rådýr. Rådýrbestanden er truleg ei viktig årsak til at gaupe blir observert såpass ofte i Etne.



© Viggo Ree

SELAR

Steinkobbe *Phoca vitulina*

Streifdyr vert registrert år om anna i Åkrafjorden, men var truleg meir vanleg før.

KVALAR

Spekkhoggar *Orcinus orca*

Registrert som streifdyr i fjordane (Skånevik). Arten lever i stor grad av stimfisk og er kjent for å følgje silda. Og det er oftast i samband med det, arten dukkar opp i fjordane våre.

Tumlar *Tursiops truncatus* eller **delfin** *Delphinus delphis* skal òg vere observert, men desse artane er svært like og difor vanskeleg å artsbestemme sikkert. Begge artane held seg helst i tropiske til tempererte strok og opptrer berre sporadisk i våre farvatn.

Nise *Phocoena phocoena*

Anvarsart

Nisa er relativt vanleg i Åkrafjorden. I Etnefjorden skal den ha vore meir vanleg før og vert no berre registrert av og til.

Kvitkval *Delphinapterus leucas*

Mogleg observasjon i Åkrafjorden midt på 1970-talet (RVO). Kvitskvalen er tilknytt arktiske område, men streifdyr kan førekome i Sør-Noreg.

Selar og kvalar blir, forvaltingsmessig sett, ikkje rekna som vilt. Forvalting av desse artane ligg til Fiskeridirektoratet. Kvalane er difor ikkje med i artslista (vedlegg 1).

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Vanleg i heile kommunen, både i fjellet og i låglandet. Bestanden svingar i takt med smågnagarbestanden.

GNAGARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Finst i skog over heile kommunen. Mest vanleg i område med barskog og hassel. Bestanden er størst i gode frør for barskog, då det er rikeleg med mat.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Førekjem ved busetnad i heile kommunen. Finst også langs elvane.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Fleire individ registrert hausten 1998. Truleg vanleg og talrik art.



Markmus *Microtus agrestis*

Truleg vanlig over heile kommunen. Sikker registrering er gjort i samband med registrering av Etnevassdraget. Markmusa blir mange stader på vestlandet kalla vånd, men må ikkje forvekslast med den eigentlege vånda *Arvicola terrestris*. Sistnemnte art er i Hordaland berre registrert på Tysnes.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Truleg vanlig art i skog over store delar av kommunen.

Gråsidemus *Clethrionomys rufocanus*

Truleg relativt vanlig art i fjellområda. Fleire individ vart registrert i Mørkvassbakkane, aust for Mørkavatnet i Sørfjellet på 1980-talet (AHÅ) og har blitt registrert årleg ved Krokavatnet frå 1995-2001 av Zoologisk institutt, UiB.

Lemen *Lemmus lemmus*

Ansvarsart

Vanleg i fjellområda i kommunen. Vanlegvis ser ein lite til den, men i lemenår finst den i store mengder, også i låglandet.

HJORTEDYR

Elg *Alces alces*

Nokre få dyr har tilhald i Rullestadområdet (Borddalen og Sørdalen), elles er det også registrert overvintring ved Eikemo. Streifdyr er registrert rundt i heile kommunen, særleg på Sørstranda og Fikse. Elgen er ein relativt ny innvandrar til Etne. Dette må sjåast i samanheng med den kraftige auken i elgbestanden på Aust- og Sørlandet. I løpet av dei siste ti åra har det blitt felt fem elgar i kommunen.

Rådyr *Capreolus capreolus*

Frå eit par små førekomstar i Skånevik og ved Fikse, har rådyra på 1990-talet spreidd seg ut over heile kommunen. Rådyr er no registrert så langt inn som til Rullestad. Grunnen til auken i rådyrbestanden på 1990-talet skuldast truleg delvis ein sterkt nedgang i raudrevbestanden pga. skabb. Dei siste åra ser det ut til at rådyrbestanden har gått noko tilbake igjen. Rådyr er nokså stadbundne og held seg innanfor avgrensa område. Sjølv om dei er relativt talrike enkelte stader i kommunen, så er dei framleis for streifdyr å rekna andre stader. Beitar først og fremst i skog og utmark, men kan også beita på innmark.



© Viggo Ree

Rein *Rangifer tarandus*

Reinen i Etnefjella stammar frå utsett tamrein og reknast ikkje som villrein. I 1976 vart det sett ut 3 bukkar og 3 simler i Markhusfjella. Desse har auka til fleire titals dyr og har vandra nordaust til Borddalen-Seljestadområdet. I 1980 vart det sett ut 6 nye dyr i Markhusfjella. Desse har auka til minst 20 dyr og går i området frå Hestaskardsnuten til Simlenuten. I 1990 vart det sett ut 11 dyr i Bjønndalsområdet. Desse har etablert seg i området rundt Løkjelsvatnet og sørover mot Hustveitsåta. Hausten 1995 vart desse talde til ca. 40 dyr. Denne flokken har dei siste åra hatt vinterbeite i Sør-

fjellet. Nokre av dyra trekte i 1998 innover mot Markhus/Fjæra-flokken.

For Markhus/Fjæra-flokken føregår kalvinga i området rundt Hestaskardsnuten. Flokken i midtre Etnefjell kalvar for det meste nord for Løkjelsvatnet (m.a. ved Ramsvikegrønnut).

Reinen er ein typisk høgfjellsart, men kan trekka ned i dei øvre skogsområda på vårbeite.

Hjort *Cervus elaphus*


Hjorten er den største jaktressursen i kommunen. I 2003 vart det felt 333 dyr og dette utgjer ei slaktevekt på ca. 20 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 1 mill. kr. Hjortestamma i kommunen har auka svært mykje frå 1960-talet, då det stort sett berre fanst hjort i eit mindre område på Skåneviktshalvøya. I dag er hjorten talrik rundt i heile kommunen og framleis kan det sjå ut til at stamma er i vekst (Figur 1). Om hausten (september) trekker hjorten langs faste trekkruter mot ytre delar av kom-

munen. Om våren i april/mai trekker mange innover i dalane og inn langs Åkrafjorden, til dels vidare mot Hardanger.

Vandringsmønsteret er så sterkt at det knapt finst hjort att vest for Veten mot Børkjenes om sommaren, medan det er svært mykje hjort her om vinteren.

Tidlegare, då det ikkje var så mykje hjort, trekke praktisk talt all hjort ut frå dei indre delar av kommunen om vinteren. Dette har endra seg dei seinare åra, slik at det no overvintrar ein god del hjort i liene i midtre og indre delar av kommunen. I sørlege delar av kommunen (Sørbygda) kan det sjå ut til at mange individ trekker sørover mot Vindafjord om vinteren. På nordsida av Åkrafjorden går det hjortetrekk over mot Kvinnherad (Rosendalsområdet) for overvintring.

Hjorten nyttar skogen som skjul og beite. I tillegg vert også innmark mykje nytta som beite, særleg av koller og ungdyr.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Etne kommune 1984-2003.

KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Grunna lågt budsjett har ein hatt lite tid til feltundersøkingar. Ein del feltarbeid er naudsynt for å kvalitetssikre innsamla opplysningars og for å kunne gje ei fagleg vurdering av eit område som viltområde. Feltarbeid vil dessutan alltid føre med seg konkrete observasjonar som er viktig grunnlag ved den faglege vurderinga av områda. I ein del tilfelle vil ein kunne gjere nye registreringar som kan danne grunnlag for nye prioriterte viltområde. Ikke minst vil feltarbeid kunne auke presisjonen av viltopplysningane, noko som er svært viktig for å kunne drive god og presis forvalting.

Ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det naudsynt at feltregistreringar får ein større plass i kartlegginga. Dagens kartlegging er eit viktig grunnlag for vidare arbeid. Under er det foreslått nokre konkrete felt ein ønskjer meir presis informasjon om eller treng meir kunnskap om.

- Av praktiske omsyn bør avgrensinga av ein del funksjonsområde, om mogleg, bli meir presis (t.d. beite- og leveområde for storfugl, spettar og hjort). Dagens avgrensing av desse områda bør vurderast på grunnlag av feltundersøkingar.
- Det er behov for ein gjennomgang av opplysningane om trua- og sårbare artar (skjerma opplysningar):
 - Geografisk plassering av rovfuglreir må bli oppdatert og meir presis. Det er behov for både kontroll av status for kjende lokalitetar og nykartlegging. Det bør vere eit mål å få plotta kvart enkelt reir med GPS, dvs. med ein presisjon på 10-15 meter. Dette er særleg viktig når det gjeld hønsehauk og havørn, dersom ein ved skogbruksverksemnd skal kunne ta dei nødvendige omsyn.

- Geografisk plassering og status for tiurleikar bør kontrollerast i felt. Her er det òg ønskjeleg med søk i nokre område for nykartlegging. Potensielle lokalitetar finn ein i større, samanhengande område med gammal furuskog.

- Det er ønskjeleg å få betre dokumentasjon på førekomensten av spettar, spesielt raudlisteartane kvitryggspett og gråspett. I denne samanheng bør viktige spettebiotopar kartleggast meir presist. Større område med eldre skog kan vere viktig, men innanfor disse områda vil eldre ospeholt og gammalskog med god tilgang på ståande, død ved vere spesielt viktige.
- Ein gjennomgang av ein del ferskvatn og våtmarkslokalitetar i fjellet er ønskjeleg. Spesielt med tanke på dokumentasjon av hekkande lom.
- Førekomensten av småpattedyr (særleg i låglandet) er dårlig dokumentert. Dette eignar seg godt som eit skuleprosjekt, med f.eks. registrering av sporteikn. Innsamling og disseksjon av kattugla sine gulpebollar vil òg kunne vere til god hjelp.

I fleire av dei prioriterte viltområda er det ønskjeleg med betre dokumentasjon på viltførekomstane. Det gjeld særleg område 23, Kalvika-Djuve, på nordsida av Åkrafjorden, der dokumentasjon manglar heilt. I tillegg er det ønskjeleg å få undersøkt nokre område som ikkje er blant dei prioriterte områda idag, men som ut frå naturtypen truleg kan vere viktig. Interessante område er furuskogsområdet ovanfor Skånevik, området nord for Rullestad og fleire område i lia langs sørsida av Åkrafjorden.

BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTEL

På dei neste sidene følgjer ein omtale av nokre klassiske konfliktområde mellom brukarinteresser og viltet. Dei ulike problemstillingane treng ikkje nødvendigvis vere spesielt aktuelle for Etne kommune, men er meint som ei orientering om mogleg konfliktområde ein bør vere særskild merksam på, både i Etne og i andre kommunar.

SKOGBRUK

Skogen utgjer omlag 25 prosent av Etne kommune sitt totale areal. Likevel er ein stor del av viltartane i kommunen knytt til skogsmiljøa. Difor står den enkelte skogeigar i ei særstilling når det gjeld forvalting av viltet sine leveområde.

I Etne har konflikten mellom skogbruket og viltet generelt vore liten. Store delar av skogen i kommunen er vanskelig tilgjengelig og er difor av litra interesse i skogbrukssamanheng. Den skogsdrifta som finn stad er òg av relativt liten skala. Likevel er det viktig å vere merksam på kva konfliktar som kan oppstå mellom viltet og skogbruksinteressene. Er ein det, er det mogleg å ta omsyn for å gjere konflikten så liten som mogleg. Under følgjer ei kort skildring av problemstillinga og nokre tips for korleis konflikten kan reduserast.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Hønsehauk og storfugl er blant dei mest utsette artane i denne samanhengen. Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive i skogbrukssamanheng. Tilbakegangen hos desse artane har først og fremst skjedd etter ca. 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater, treslagsskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til usamanhengande leveområde med dårlegare tilgang på det føretrekte habitatet. Dermed blir leveområda for kvart enkelt individ større og det blir plass til færre individ. Bestandskogbruket har òg negative konsekvensar for spettane. Både ståande og liggande døde tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Også ei rekke andre holrugande fuglearistar nyttar gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan difor òg få konse-

kvensar for desse såkalla sekundære holugarane.

Etterkvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig. Dei siste åra har skogbruket vist større vilje til å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. Det kan likevel ofte kome til konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes maksimere det økonomiske utbytet. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig i denne samanheng. Under følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ivareta viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthaldast.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkeklofter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Sett igjen nokre store tre.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp. Dette for å oppretthalde reirtre og viktige næringskjelder for spetter.
- Unngå treslagsskifte i område med edellauvskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, t.d. reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i viktige- og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndighetene tidleg blir tatt med i planlegginga.

JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er svært viktig for mange viltartar. Mange av viltartane finst i høgare tal i og ved jordbrukslandskapet enn dei ville ha gjort naturleg. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale, stare og gråsporv).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Karakteristiske trekk

ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for enkelte viltartar er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og siloshaft, tørrlegging og oppdyrkning av våtmark.

Viltet kan på si side vere til ulempe for jordbruksverksemd. I vår del av landet har ei veksande hjortestamme mange stader ført til auka problem med beiteskadar på innmark.

Når det gjeld husdyrbruk er konfliktane først og fremst knytt til tap av småfe på grunn av rovvilt. På våre kantar, der det berre førekjem streifdyr av jerv og gaupe, er det kongeørna det tradisjonelt har knytt seg størst konflikt til. Det ser imidlertid ikkje ut til å vere nokon samanheng mellom førekomsten av kongeørn og tap av lam. Dette tyder på at kongeørna, generelt, sjeldan er eit stort problem, men at enkeltindivid tidvis kan føre til tap.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevelingar. Likevel vil slik ferdsel, både til lands og til vanns, nes ten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel kunne føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsel kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønsefugl og rovfugl. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. I Etne er det er bandtvang i tida mellom 1. april - 31. oktober.

JAKT

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også dei artane som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for forstyrningar.

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt därlegare kondisjon), redusert overleving

og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane skal vere blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Generelt er uttaket av småvilt vilt i samband med jakta antatt å ha liten verknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følge av uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatter som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkondering. I Noreg er det generelt forbod mot eggsamling, og medviten forstyrring av hekke/ngleplassar kan også i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt i Etne er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast. I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar, både direkte og indirekte. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. Det er viktig at industri og bustadfelt ikkje blir lagt innanfor viktige- og svært viktige viltområde og heller ikkje så nær inntil desse at ein påverkar områda negativt. Det same gjeld for hyttebygging.

VEGAR

Vegbygging har gjennom tidene forringa mange viltområde. Vegbygging fører ofte til store inngrep i viktige viltområde ved fragmentering av landskapet. Dette gjeld både bilvegar, jernbane, anleggsvagar og traktor-/skogsbilvegar. Vegframføring opnar også for lettare tilkomst til område som fram var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka forstyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraséen. Påkjørslar av vilt i vegbanen er også stadvis eit alvorleg problem, ikke berre for viltet men også når det gjeld

trafikktryggleik. Ved god kjennskap til hjortevil-
tet sine trekkruter, og planlegging og tilrette-
legging i forhold til dette, kan skadeverknadane
avgrensast.

VASSDRAGSREGULERING

Ved kraftutbygging kan det oppstå mange uheldige konsekvensar for viltet, både ved direkte inngrep i hekke- og yngleområde og indirekte ved forringing av næringstilgang. Anleggsvirksemda fører ofte til store arealinn-
grep (vegframføring og tunneltipp), i tillegg kan aktiviteten i anleggsperioden verke forstyrrende. Anleggsvegane lettar dessutan tilgangen til avsidesliggende område.

Sjølv reguleringa kan føre til oversvømming av hekkeområde og därlegare næringstilgang gjennom uttørking av bekkar og elvar (t.d. där-
legare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Når det gjeld endringar i vasstand er særleg lomartane utsette fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidninga tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsefuglar, reknar ein med at kraftleidninga kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspentlinjene som er far-
legast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppane. Men også større høgspentlinjer er farlege, særleg i skum-
ringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og ugler er òg utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidninga eller leidning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønse-
hauk, men hubroen er særleg utsett. Proble-
met kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektroku-
sjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linjetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltom-

råda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikkje leggast i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spellassar for skogshøns eller i nærlei-
ken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordka-
bel.

AVFALL

Opne avfallslassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl*, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungars av jaktbart vilt. Små, private avfallslassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan bidra til å oppretthalde "unatur-
leg store" bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og sørge for at avfall ikkje blir liggande lett tilgjengelig.

*Om kråkefuglane verkeleg spelar ei viktig rolle når det gjeld regulering av skogshønsbestandane er høgst usik-
kert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr til saman. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av re-
veskabb (Selås m. fl. 1995).

OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystso-
na og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konfliktar i forhold til viltinteresse-
ne. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte for-
styringseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøk-
kelområde for viltet kan vere uehdlig. Andre konfliktar går på at enkelte dyrearter nyttar oppdrettsanlegg som maffat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåke og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe.

Det er viktig at ein tar omsyn til denne proble-
matikken ved framtidig plassering av opp-
drettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndighetene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflik-
tar.

INFORMANTAR

Registreringane baserer seg i stor grad på intervju med personar med god kjennskap til lokale viltføre-komstar. Det må rettast stor takk til desse for å ha delteke med sin kunnskap om viltet i sine nærområde! Utan desse lokale ressurspersonane hadde det vore vanskeleg og langt meir ressurskrevjande å fått til eit såpass detaljert viltkart og ei så omfattande artsoversikt som det har vorte.

Under følgjer ei oversikt over viktige informantar og personar som har bidratt med enkeltopplysningar (markert med *). Bak ein del artsopplysninga i viltrapporten er informanten nemnt med initialar.

IAU	Ivar Auestad	AJO	Audun Jonseth
TBE	Tore Berg	HKA	Håvard Kambo
SOB	Sven Olaf Brekke	LLU	Lars Lundal
SBY*	Stein Byrkjeland	GMA	Geir Markhus
SDA	Sigbjørn Davidsen	HMA	Håkon Markhus
GAE	Geir Arne Eikemo	EMO	Einar Monsen
FFA*	Frode Falkenberg	IMA	Ingvar Måge
MGA	Magne Garvik	ONE	Ole Nervik
TGR	Tore Grindheim	AMO	Arne Martin Onstein
LHA	Leif Halleland	JON	Johannes Onstein
LBH	Leif Bjarte Halleland	JKO	Jon Kåre Opheim
OHE	Oddvar Heggøy	OOV*	Olav Overvoll
THE	Terje Hermansen	NRU	Nils Rullestad
THA	Terje Håheim	CVO	Charles Voie
AHA*	Arnold Håland	RVO	Rune Voie
FJO	Frank Jonseth	BAA	Bjarte Aadland

LITTERATUR

- Arnesen, M.R. 1986. Årsberetning for LRSK 1985. – Krompen 15:19-22.
- Berg, T. 1994. Forekomsten av fugl i Stordalen, Etne kommune. – Krompen 23: 45-50.
- Berg, T. 1998. Fuglefaunaen i Etne - tillegg. – Krompen 27: 153-155.
- Brekke, S.O. 1988. Hekking av tornskate i Etne. – Krompen 17: 137.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport nr. 2/1999: 1-106.
- Byrkjeland, S., Håland, A. & Toft, G.O. 1984. Fuglefaunaen i Etnevassdraget, Hordaland og Åbøvassdraget, Rogaland 1984. – Zoologisk museum, Universitetet i Bergen, Rapport ornitologi nr. 20: 1-139.
- Byrkjeland, S. & Voie, R. 1999. Sangsvanebestanden i Hordaland – 160% økning siden 1988. – Krompen 28: 176-187.
- Dale, S. & Pedersen, H. 1992. Saudaprosjektet. Dyreliv og jaktinteresser. – ENCO, Environmental Consultants a.s, Rapport: 1-106.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. – Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavdelinga. Rapport nr. 2-1996: 1-74.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. – DN-handbok 11: 1-112.
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge. Norwegian Red List 1998. – DN-rapport 1999-3: 1-160.
- Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk 1985. Forundersøkelser av viltinteressene i Etnefjellene, Etne og Sauda kommuner. – Rapport nr. 1-1985.
- Dolmen, D. 1997. Herpetologisk statusrapport for Hordaland fylke (1996). Utbredelsen av amfibier. – NTNU, Vitenskapsmuseet, Trondheim, Zoologisk notat 1997-3: 1-27.
- Eldegard, K. 1997. Biologisk mangfold i Etne kommune - nøkkelbiotopar. – Notat, Etne kommune.
- Falkenberg, F. 1998. Siste nytt - bombene. – Krompen 27: 98.
- Falkenberg, F. 1999. Fugler i Hordaland 1998. – Krompen 28: 66-87.
- Falkenberg, F. 2000. Fugler i Hordaland 1999. – Krompen 29: 73-103.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 1999. – Krompen 30: 74-104.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. – Krompen 31: 94-119.
- Falkenberg, F. 2003. Fugler i Hordaland 2002. – Krompen 32: 131-156.
- Gjerde, I. 1988. Storfuglbestanden i Hordaland: Størrelse, utvikling og forvaltning. – Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernnavdelinga, Rapport: 1-29.
- Gjerde, I. 1990. Tiurleiker i Hordaland 1990. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Internt notat.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitoligisk Forening, Klæbu.
- Hermansen, T. 1981. Vannfugler i Etneområdet vinterhalvåret 1981-81. – Krompen 10: 151-154.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Kvalheim, E. 2001. Naturen i Etne. S. 18-23 i: Brekke, N.G. (red.): Kulturhistorisk vegvisar Etne. – Etne kommune, Hordaland Fylkeskommune Kulturlandskapssenteret, Nord 4 Bokforlag.
- Mjøs, A.T. 1988. Nytt fra LRSK. – Krompen 17: 127-128.
- Osaland, O.M. 1981. Fugleobservasjoner 1980. – Krompen 10: 76-82.
- Osaland, O.M. 1985. Orniologiske observasjoner 1984. – Krompen 14: 60-74.
- Osaland, O.M. 1986. Orniologiske observasjoner 1985. – Krompen 15: 50-63.
- Osaland, O.M. 1988. Orniologiske observasjoner 1987. – Krompen 17: 48-65.
- Osaland, O.M. 1989. Orniologiske observasjoner 1988. – Krompen 18: 66-86.
- Osaland, O.M. 1990. Orniologiske observasjoner 1989. – Krompen 19: 17-24.
- Pedersen 1998. Sjeldne fugler i Hordaland 1997. – Krompen 27: 106-110.
- Samla Plan for vassdrag 1983. Samla Plan rapport: Etneelva, 183 Etneelva. Fylkesmannen i Hordaland/Miljøverndepartementet. ISBN: 82-7243-327-3.
- Samla Plan for vassdrag 1983. Samla Plan rapport: Fjæra, 189 Londalselva. Fylkesmannen i Hordaland/Miljøverndepartementet. ISBN: 81-7243-311-7.
- Samla Plan for vassdrag 1984. Samla Plan rapport: Liarvatn, 192 Liarelva. Fylkesmannen i Hordaland/Miljøverndepartementet. ISBN: 82-7243-312-5.
- Samla Plan for vassdrag 1985. Samla Plan rapport: Høyland, 183 Etneelva. Fylkesmannen i Hordaland/Miljøverndepartementet. ISBN: 82-7243-582-9.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. – Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukskole.

- Smedhaug, C.A. og Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. – Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Stormark, T. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. Norsk Zoologisk forening. Rapport 2: 1-210.
- Syvertsen, P.O. 1999. Dvergflaggermus er to arter. – Fauna 52: 200-207.
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening, Rapport 9, manuskript.
- Tesdal, S. 1968. Dyre og fuglelivet. S. 51-87 i Dyrvik, S.: Etnesoga, band I.
- Voie, R. 1981. Etneosen. – Krompen 10: 84.
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Voie, R. og Larsen, A. 1982. Fjæravassdraget og Etnevassdraget. S 7-13 i: Samlet plan, Hordaland 1982. Rapport fra ornitologiske befaringer. – Rapport NOF-Hordaland. 34s.
- Voie, R. 1982. Sjøfugl i Etne. – Krompen 27: 57-58.
- Voie, R. 1998. Artsliste for Etne kommune. – Krompen 27: 61-65.
- Voie, R. 2001. Sjøfuglundersøkelser indre Sunnhordland 2001. – Intern oppsynsrapport, Fylkesmannen i Hordaland. 3s.

VEDLEGG 1. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har ein prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Etne. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårlig. Og særleg når det gjeld ein del smågnagarar og fugleartar, varierer talet svært mykje fra årstid til årstid og fra år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomensten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllende informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuterast, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D konstatert yngling	(x) enkeltobservasjoner
C sannsynlig yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Dyregruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	3	0	0	0	3
Krypdyr	1	2	0	0	3
Fuglar	101	12	6	60	179
Pattedyr	20	6	3	2	31
Totalt	125	20	9	62	216

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIUM						
Stor salamander	<i>Triturus cristatus</i>	D	X	X	X	i dvale
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XXX	XXX	XXX	i dvale
KRYPDYR						
Firfisle	<i>Lacerta vivipara</i>	C	X	X	X	i dvale
Stålorm	<i>Anguis fragilis</i>	C	X	X	X	i dvale
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D	X	1-2 par	X	
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	D	X	2-3 par	X	
DYKKARAR						
Dvergykkar	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	O				X
Horndykkar	<i>Podiceps auritus</i>	O			(x)	
SKARVAR						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	(xx)	X	X
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O		(xx)	(xx)	
STORKEFUGLAR						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	30 par	X	X
Stork	<i>Ciconia ciconia</i>	O		(x)		
ANDEFUGLAR						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	D	X	3 par	X	X
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O			(x)	(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	X	X	X	(x)
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	X	X	X
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O			(x)	(x)
Ringgås	<i>Branta bernicla</i>	O	(x)			

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(xx)	(xx)		
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	C	X	X	X	X
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	X	X	X	(xx)
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O			(x)	
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	O	X		X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(xx)			
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	O	X			
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O			(x)	(x)
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	(x)		(x)	
Sjørre	<i>Melanitta fusca</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	X	(xx)	X	X
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X	X	X	X
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	B	X	(xx)	X	X
ROVFUGLAR						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	X	2-3 par	X	
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	3-5 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	X	X	X	X
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	O	(x)			
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	5-15 par	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	X	3 par	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)	(x)		
Tårfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	D	X	X	X	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	D	X	X	X	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	C	X	X	X	X
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	O		(x)		
HÖNSEFUGLAR						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrtype	<i>Lagopus mutus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Fasan	<i>Phasianus colchicus</i>	D	(x)	(x)	(x)	(x)
TRANEFUGLAR						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	O				(x)
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	C*	(xx)	(xx)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O				(x)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O				(x)
Trane	<i>Grus grus</i>	O	(xx)			
VADEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	D	XX	XX	XX	
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O			(xx)	
Boltit	<i>Charadrius morinellus</i>	D	X	X	X	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	XX	XX	XX	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	XX	XX	XX	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	O			(x)	
Fjøreplitt	<i>Calidris maritima</i>	D	X	X	X	(xx)
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O			(x)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O			(x)	
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	X	X	X	(xx)
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O	(x)			
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	X	X	X	(xx)
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O			(x)	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	O	(x)			
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	X	10 par	X	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O			(xx)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucus</i>	D	X	XX	X	
Symjesnipe	<i>Phalaropus lobatus</i>	O	(x)			
JOAR, MÅSAR OG TERNER						
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	O			(x)	
Hettémåke	<i>Larus ridibundus</i>	O	X	X	X	X
Fiskemåke	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Sildemåke	<i>Larus fuscus</i>	C	X	X	X	
Britisk sildemåke	<i>L. f. graellsii</i>			(x)		
Gråmåke	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	100-200 par	XX	XX
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	D	X	10-15 par	X	X
Makrelterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	X	XX		
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	B	X	X		
ALKEFUGLAR						
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O				(xx)
Alke	<i>Alca torda</i>	O				(xx)
Teist	<i>Cephus grylle</i>	O				(xx)
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O				(xx)
DUER						
Bydue	<i>Columba livia</i>	O		(x)		
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	X	X	X	X
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	C	X	X	X	X
GAUKFUGLAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D	X	1-3 par?	X	X
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O			(x)	
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O				(xx)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	X	X	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O			(x)	
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
SEGLARAR						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	B		X		
RÄKEFUGLAR						
Isfugl	<i>Alcedo atthis</i>	O				(x)
SPETTEFUGLAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	C	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	X	X	X	X
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	X	X	X	X
SPORVEFUGLAR						
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	X	X	X	(xx)
Fjellerke	<i>Eremophila alpestris</i>	O	(x)		(x)	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D	X	XX	X	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	X	XX	X	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	XX	X	
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XX	XX	
Heipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Skjærpiperle	<i>Anthus petrosus</i>	D	X	X	X	X

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>		(x)			
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O			(xx)	(xx)
Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	X	60-80 par	X	X
Gjerdemet	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	D	X	X	X	
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	C	X	X	X	
Busksvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	O	(x)			
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	O		(x)		
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	O		(x)		
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	D	X	X	X	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	B		(x)		
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	C	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	C	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O		(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	XX	XX	XX	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	XX	XX	XX	
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	XX	XX	XX	
Svartvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Tornskate	<i>Lanius collurio</i>	D		(x)		
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O			(x)	(x)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	C	X	X	X	X
Kiae	<i>Corvus monedula</i>	O	X		X	X
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	D	X	X	X	X
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O	(x)		(x)	
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	D	XX	XX	XX	X
Tornirisk	<i>Carduelis cannabia</i>	B	X	X	X	
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	X	X	X	X
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	C	XX	XX	XX	XX

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O				
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	B	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	X	X	X	X
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	O		(x)		
Konglebit	<i>Pinicola enucleator</i>	O				(x)
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Kjernebitar	<i>Coccothraustes</i>	O			(x)	(x)
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	O	(x)	(x)		
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	D	XX	XX	XX	
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	X	X	X	X
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	?	?	?	?
Vannspissmus	<i>Meomys fodiens</i>	C	X	X	X	X

FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	D	X	X	X	i dvale

ROVDYR

Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrev	<i>Alopex lagopus</i>	C*				
Bjørn	<i>Ursus arctos</i>	B*				
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	XX	XX	XX	XX
Røyskatt	<i>Mustela ereminea</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	D	XX	XX	XX	XX
Mår	<i>Martes marten</i>	D	X	X	X	X
Jerv	<i>Gulo gulo</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Oter	<i>Lutra lutra</i>	B	X	X	X	X
Gaupe	<i>Lynx lynx</i>	B	X	X	X	X

SELAR

Steinkobbe	<i>Phoca vitulina</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
------------	-----------------------	---	------	------	------	------

HJORTEDYR

Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Elg	<i>Alces alces</i>	D	X	X	X	X
Rådyr	<i>Capreolus capreolus</i>	D	X	X	X	X
Rein (utsett tamrein)	<i>Rangifer tarandus</i>	D	X	X	X	X

HAREDYR

Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
------	----------------------	---	----	----	----	----

GNAGARAR

Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Gråsidermus	<i>Clethrionomys rufocaninus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

VEDLEGG 2. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unntake offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre hjorteviltkartet og kartet over prioriterte viltområde vedlagt. Kartet over prioriterte viltområde er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbarer artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unntake offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbarer artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvalting sine heimesider: www.naturforvaltning.no

Etne kommune

Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Lauvskog
- Bar- og blandingsskog
- Jordbruksareal
- Myr


 Område verna etter Naturvernlova

Det meste av barskogsarealet er furu, men særleg i lågareliggende område rundt Etnebygda og mot Sørstranda er det planta ein god del gran.



0 3 6 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)




Etne kommune


Kart 2. Kjerneområde for hjortevilt

- [Hatched green] Hjort
- [Hatched orange] Elg
- [Hatched blue] Rein
- [Hatched red] Rådyr
- [Solid green line] Hjort, trekkveg
- [Red dot] Hjort, viktig kryssingspunkt over veg

- [Light green] Lauvskog
- [Dark green] Bar- og blandingsskog
- [Yellow] Jordbruksareal



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovest (DMK)



Etne kommune

Kart 3. Prioriterte viltområde

Svært viktig

Viktig

Lauvskog


Bar- og blandingsskog

Jordbruksareal

N

0 3 6 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)



ISBN 82-8060-014-0
ISSN 0804-6387